



Kvam herad

Budsjett 2014

Økonomiplan 2014 - 2017



www.kvam.no

Innholdsliste

1	«Misslyckandeåtervinning».....	3
2	Om budsjett og økonomiplan	8
2.1	Hovudlinjer	8
2.2	Budsjettarbeidet	10
2.3	Risikomoment.....	12
2.4	Investeringsbudsjett vs driftsbudsjett:.....	13
3	Rammeområda samla	14
3.1	Politisk verksemd.....	15
3.2	Administrasjon, styring og fellesutgifter	17
3.3	Barnehagar	19
3.4	Grunnskuleopplæring	21
3.5	Kommunehelse	25
3.6	Helse- og omsorg	29
3.7	Sosialteneste og NAV.....	34
3.8	Barnevern	36
3.9	Bustader.....	39
3.10	Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø	40
3.11	Næringstøtte og kommunal forretningsdrift.....	44
3.12	Brann og ulukkesvern.....	48
3.13	Samferdsle og grøntanlegg	49
3.14	Vatn, avlaup og renovasjon/avfall (VAR)	50
3.15	Kultur.....	51
3.16	Kyrkje.....	54
3.17	Skatt og rammetilskot.....	55
3.18	Finans	57
3.19	Kommunale bygg	59
3.20	Sosiale kostnader inkludert premieavvik.....	60
3.21	Avskrivingar	62
4	Økonomisk oversikt – driftsbudsjett 2014-2017.....	63
4.1	Hovudoversikt totalt 2014 – 2017 (inkl. prosjekt og VAR)	63
4.2	Budsjettskjema 1A - drift.....	66
4.3	Budsjettskjema 1B - drift	67
5	Økonomisk oversikt – investeringsbudsjett 2014-2017.....	68
5.1	Hovudoversikt totalt 2014-2017 (inkl. prosjekt og VAR).....	68
5.2	Budsjettskjema 2A – investeringar	70
5.3	Budsjettskjema 2B – investeringar	71
6	Prosjekt i økonomiplanperioden 2014 – 2017	72
6.1	Nye prosjekt.....	74
6.2	Tidlegare vedtekne prosjekt	75
6.2.1	Aktive driftsprosjekt	75
6.2.2	Aktive investeringsprosjekt	77
6.2.3	Aktive skule- og barnehageprosjekt.....	80
6.2.3	Aktive VA – prosjekt	81
7	HST-087/13 - Vedtak	83

1 «Misslyckandeåtervinning»

Mot

Det er når vi har mot til å mislukkast i dagleg arbeid at gode løysingar og endringar trer fram.

Formannskapet sendte eit notat til rådmannen etter budsjettkonferansen 1. oktober d.å. Dette er eit godt dokument som signaliserer ei retning for dei ulike einingane og tenesteområda. Det er òg eit ambisiøst dokument fordi det seier noko om at dei aller fleste av kommunen sine tenesteområde skal setjast i fokus, forbetrast, leggjast om, effektiviserast eller prioriterast.

I innspelsnotatet kjem det tydeleg fram at Formannskapet ynskjer ei generell omlegging frå reparering og behandling til førebyggjande arbeid, uavhengig av tenesteområde. Slike fokusskifte tek normalt tid, og krev av og til ekstra ressursar fordi ein i ein overgangsperiode gjerne må satsa både på førebygging og behandling. I tillegg krev det presisjon i planlegginga fordi ein må vera trygg på at det førebyggjastiltaket som vert sett i verk er det som gjev ønska effekt.

Dei to føregåande budsjett og økonomiplanane er fortsatt aktuelle og retningsgjevande for budsjettet for 2014. I dei to budsjetta vert utfordringsbiletet til kommunen nøye gjennomgått, og budsjettvedtaka som har kome i etterkant har tatt inn over seg utfordringane og forsøkt løysa dei. Einingsleiarane viser god budsjettkontroll og arbeider systematisk for å møta krav om innsparing og effektivisering i heile organisasjonen. Mykje godt er bygd opp og det er vanskeleg både emosjonelt, relasjonelt og strategisk å velja å bygga ned noko som vert opplevd som godt. I denne tida kan det vera krevjande å henta fram motivasjon for å driva organisasjonen vidare med same gode tenestetilbodet. Den kraftige økonomiske hestekuren er tøff og slit på brukarar, pårørande, tilsette og folkevalde. Å snu ein så stor organisasjon som Kvam herad vil naturleg nok ta tid og alle relasjonspåverka endringsprosessar tek tid. Våre ulike val ut frå behov kan gje oss ulike løysingar og me finn oss sjølv gjera tinga heilt rett, men me gjer ikkje dei rette tinga. Eller kanskje me gjer dei rette tinga, men me har valt å gjera dei feil. Gjennom 2013 har me hatt særleg fokus på å utvikla godt leiarskap og plattform for å utøva klokt leiarskap mot felles mål. Leiarane på alle nivå i kommunen har arbeid saman og me ser at dei verkeleg tar tak og vil dra lasset mot felles mål.

I 2013 starta me opp med mykje viktig planarbeid som vil gje kommunen målsetjingar og retning. Kommuneplanen sine samfunns- og arealdelar har ikkje vore rullert på fleire valperiodar og treng å bli oppdatert og spissa. Kommunen treng å arbeide etter sameinte og prioriterte mål i ei tid der økonomien set store avgrensingar. Helse- og omsorgsplan, bustadpolitisk handlingsplan, strategisk næringsplan og integreringsplan er viktige og etterlyste planar. Ved nesten alt planarbeid er prosessen nesten like viktig som resultatet. Planarbeid er gode arenaer for samhandling og samarbeid mellom politikk, innbyggjarar, brukarar, pårørande og administrasjon. I planarbeidet tek me oss tid til å analysera fortid, notid og framtid og dersom prosessen er god kan resultatet forankrast hjå flest mogleg.

Den svenske trendanalytiker og futurolog Magnus Lindkvist har mange tankar som er så gode at eg skal ikkje freista å framstilla dei som mine egne. Han har mellom anna laga ei «oppskrift» på korleis ein kan lukkast når ein skal skapa noko nytt og noko som varer over tid.

1. Framsikt

- Sjå langt fram i tid og forstå at ting kjem til å bli annleis. Desto lengre framover du ser, desto opnare til sinns må du vera.

2. Ideblanding

- innovasjon skjer i ein fusjon mellom mange ulike idear. Spenning, friksjon og konflikt er teikn på at idear fusjonerer.

3. Eksperimenter

- Kast brukarmanualen og prøv deg fram. Prøv å utfordra lover og reglar, sjå etter moglegheitene, og gløym alt som kan skapa problem ei stund.

4. «Misslyckandeåtervinning»

- Nokon av verdas største kommersielle suksessar kom som resultat av vidareutvikling av produkt som hadde mislukkast totalt. Me har blitt veldig fokusert på å byggja vidare på suksess, eller læra av dei som har lukkast. Det kan ligga minst like mykje lærdom hjå dei som har mislukkast.

5. Tolmod

- Sei aldri at «dette har me prøvd før», eller forvent heller ikkje alltid resultat med ei gong. Endringar, omorganiseringar, omlegging frå behandling til førebygging, eller innføring av nye system treng tid for å setja seg. Av og til kan det til og med bli litt verre før det blir betre, men då må me visa tolmod.

Motivasjon for å driva godt arbeid handlar om å gje nok plass til å "återvinna" og finna vegen igjen når noko har gått gale eller ikkje vart slik me ønskte det. Me må ha ei plattform for kommunalt arbeid som gjev rom for å "misslyckas" for å kunna skapa noko betre og finna nye effektive og lønsame måtar å gje gode tenester til innbyargarane i kommunen.

Pimp my kommune 3.0?

Er Pimp my kommune versjon 3.0 blitt ein realitet? Er me der me ønskte då me starta arbeidet med å pimpa kommunen?

Noreg er eit godt land å leva i. Kvam er ein god kommune å bu i. Inntektsnivået i Noreg er høgt, og me kjem godt ut på internasjonale målingar av livskvalitet. Kombinasjonen av god vekstevne, jamn fordeling og gode offentlige ordningar er sentrale kjenneteikn ved den norske samfunnsmodellen.

I st.meld 12, Perspektivmeldinga 2013, vert det skissert mange framtidsscenario for Noreg framover mot 2060. Blant anna vert det hevda at:

- Neste generasjon vil sitja att med meir pengar etter skatt enn sine foreldre, fordi norsk økonomi kjem til å fortsetja å veksa.
- Gitt at standarden i helse og omsorg vert uendra, meiner Finansdepartementet at det vil vera overskot på statsbudsjettet fram til 2035. Men frå 2025 vil statens utgifter stiga meir enn inntektene, og frå 2035 er det behov for meir pengar til å dekkja inn utgiftene i budsjettet. Årsaka er blant anna eldrebølgja kombinert med at fallande oljeinntekter gjev mindre nye pengar inn i Oljefondet.
- Viss me fortset å heva kvaliteten på skular, eldreomsorg og sjukehus utover dagens standard vil overskotet vera borte lenge før 2035.
- Viss me sparar meir av oljepengane no, utset me dette tidspunktet.
- Dersom me då ikkje gjer noko frå 2035, vil underskotet i statsbudsjettet veksa til 140 milliardar kroner i dagens kroner i 2060, sjølv utan standardheving i offentlige tenester frå 2013. Det er nesten like mykje som alle pengane Helse- og omsorgsdepartementet skal bruke i år.

- Ei løysning er at alle arbeider meir. Departementet meiner underskotet i budsjettet i 2060 kan dekkast dersom alle, som eit eksempel, arbeider 165 timer meir i året. Då vil ein arbeide like mange timar som på 1970-tallet.
- Alternativt fleire enn i dag må arbeida - for eksempel fleire pensjonistar og uføre.
- Politikarane også kan velja å setja opp skattane eller å ta meir betalt for offentlege tenester som sjukehus og utdanning.

Desto fleire grep som vert gjort i dag, desto lengre utset ein problemet. Når oljealderen er over, blir me nøydde til å stramma inn på velferdsgoda. Resten av Europa, inkludert våre naboland, stramar inn, medan me berre fortset å utvida ordningar som ikkje er bærekraftige på sikt.

Lovnadar frå sentralt hald om lovfesta rett til omsorgsplass, barnehageplass, gratis leksehjelp eller kulturskule, dagsenter for demente og rehabilitering i kommunane er med på å skapa forventningar hjå innbyggjarane. Kommunane si oppleving er at desse rettane er einsidige for innbyggjarane, utan plikter eller krav om motyting, og at dei er underfinansierte. Integrering, vedlikehaldsetterslep, omstilling til samhandlingsreforma, og veksten i spesialpedagogikk, sosialstønad, pensjonskostnader er framleis blant dei største utfordringane me har. Me må våga å ta dei kvalifiserte vala, basert på gode, uredde diskusjonar om vegen vidare inn i framtidas Kvam.

I kampen om vegar og samferdslekroner, i kampen om utvikling og vekst, i kampen om kommunale overføringer, i kampen om nybygde skular eller satsing på meir eigna sentrale plassar på helseinstitusjonar i eigen kommune må det me vel å gå for vera tufta på planen me har for framtida til alle noverande og framtidige innbyggjarar. Målet med budsjettarbeid, økonomiplanar og tenesteproduksjon må vera å vinna kampen om å verkeleg tre fram som ein attraktiv stad. Ein attraktiv stad er den staden folk vel å busetja seg fordi det er godt å bu der, det er arbeid og velferdsordningar slik at både born, ungdom og eldre trivast der. I kampen for å pimpa Kvam er det ein ting som tel og det er kampen om innbyggjarane. Det er ein jamn straum av nye og fleire innbyggjarar som gjev oss moglegheiter.

Det viser seg at nivå på offentlege tenester har liten påverknad på attraktivitet. Men me kan skaffa oss handlingsrom for attraktivitet gjennom effektiv drift av offentlege tenester og skapa samarbeid mellom private og offentlege aktørar i nærmiljøperspektivet. Alle treng ein god nabo og kjenna på tryggleik og godt venskap. Det er summen av haldningane, engasjementet og innstillinga til folka som bur her som er med på å gjera dette til ein stad folk vil bu.

Prioriteringar

I dei næraste åra, som alle åra før, vil framtidig utvikling av kommunen handla om å prioritera mellom ulike gode tiltak og kjenna på at det er like vanskeleg kvar gong ein må velja bort nok som ein gjerne skulle satsa på. Kommunen har bygd opp gode tenester og innbyggjarane er nøgde. Det å då måtta velja å bygga ned eller slutta med noko som er godt, kjennes ikkje rett for nokon. Politikarane gjev retning gjennom vedtak og ut får kva dei set i fokus skal administrasjonen setja politiske vedtak ut i livet og forvalta kompetanse og ressursar på ein best mogleg måte.

Dei siste åra har me effektivisert drifta til kommunen kraftig. Sjølv om dette budsjettframlegget er ei vidareføring av den strame økonomiplanen som vart vedteken i fjor manglar det likevel over 20 millionar kroner på eit saldert budsjett etter at det var justert for statsbudsjett og kjende endringar. For å kunna leggja fram eit saldert budsjettframlegg har rådmannen henta ut alt som kan finnast av innsparingar og effektiviseringsgevinstar. Budsjettet er redusert med 3,7 millionar for vakante stillingar som ikkje vil bli erstatta. Pensjonen er redusert med 4,5 millionar då ein håpar på ei billigare løysing hjå ny leverandør. Det er budsjetttert inn ein del inntekter på 2 mill som ein reknar med og

håpar vil koma (ein bryt dermed nøysemndsprinsippet ved inntektsbudsjettering). Det er budsjetttert inn at ein ved sjukefråvær utset å ta inn sjukevikarar i større grad enn tidlegare. Her er det lagt inn ei innsparing på 2 mill. Budsjettet inneheld også ei lang rekkje mindre budsjettkorreksjonar som totalt summerer til 3,7 mill i reduksjon.

I budsjettet er det dessutan forskottert effektiviseringsgevinstar på 0,5 mill i oppvekst og helse og omsorg, og 1 mill i teknisk. Rådmannen vil også dei neste åra arbeida med å sjå på generelle effektiviseringstiltak gjennom betra innkjøpsarbeid, IT løysingar, samlokalisering av sakshandsaming i eitt forvaltarkontor og gjennomgang av korleis me driv flyktningarbeidet vårt. I tillegg vil me sjå korleis fleire som mottar sosialhjelp kan koma i aktivitet og arbeid og me vil arbeida endå tettare med dei frivillige for å få eit samfunn som er prega av god integrering for alle grupper. Vidare må me gjennomgå vaktordningane våre på teknisk og IT og vurdera eit lågare beredskapsnivå. Kvam herad leigar i dag lokale for store summar, medan Norheimsund ungdomsskule og Steinsdalen skule står tomme. Om ikkje lenge vil også Norheimsund barnehage vera tom. Difor bør me ta opp ein lokaliseringsdebatt på ein del tenester. Er det til dømes rett å leiga lokale til vaksenopplæringa når Steinsdalen skule står tom?

Kvam Familie- og læringssenter (KFL) som organisasjon vart oppretta 1. august 2013. Det er førebels ikkje tilsett ein leiar. Rådmannen håpar å få løyst det i løpet av 2014. Leiaren vil få ansvar for å samordna og vidareutvikla tenestene ytterlegare slik at avdelinga vil nå sine målsetjingar. I budsjettet er utekontakttenesta føreslått avvikla. For 2014 utgjer dette kr 0,3 mill, seinare om lag det doble. Rådmannen har tru på at KFL kan ivareta denne målgruppa ved å nytta andre verkemiddel som meir systemretta arbeidet, styrka helsesøsterteneste og ei meir formalisert rolle for frivillige lag og organisasjonar i ungdomsarbeidet, gjerne i samarbeid med Grannehjelpa. KFL må òg få lokale som er eigna til å gje eit samla hjelpetilbod til born, unge og heile familien og setja gode oppvekstvilkår i fokus.

Me må også finna gode løysingar på dei store utfordringane me ser innan helse og omsorg med meir ansvar for både psykiatri og rus i kommunane. Me har pr no lengre ventelister på plass ved institusjonar, rehabilitering og omsorgsbustader enn me har hatt før, og i helse og omsorgsplanen som er under utarbeiding må me våga ein diskusjon knytt til nivået på våre helsetenester for dei som har behov for plass i sjukeheim. Heradsstyret vedtok i oktober å innføra dobbeltsenger på rehabiliteringsavdelinga som eit straktiltak for å redusera køen. Årskostnaden ved dette tiltaket er om lag 1,5 mill. Dette er ikkje lagt inn som eit tiltak av rådmannen, men eit tiltak som heradsstyret kan velja å prioritera.

Heradsstyret vedtok i 2003 at Kvam herad sitt tilskot til Jondalstunnelen skulle finansierast ved eit eingongsuttak frå Kvam kraftverk. Då Jondalstunnelen var ferdig vart det gjort ei endring slik at tilskotet skulle betalast som eit årleg tilskot over 15 år. Finansieringa vart i den omlegginga ikkje heilt avklara, og i alle fall ikkje formalisert. Det vart med andre ord ikkje tatt ut eit ekstraordinært utbyte frå Kvam Kraftverk. I realiteten har dermed Kvam herad finansiert tilskotet til Jondalstunnelen med driftsmidlar. Når me no har hamna i ein situasjon der me må redusera tenestetilbodet på mange område meiner rådmannen at det er feil at noko av dette skal skje på grunn av eit tilskot til Jondalstunnelen. Rådmannen fremjar dermed forslag om å auka opp det årlege utbyttet frå Kvam Kraftverk med 1,9 mill. utover den planen som har vore diskutert med Kvam kraftverk tidlegare. Rådmannen ynskjer også å ta ut etterbetaling for 2011-2013, 5,6 mill. som skal setjast av til disposisjonsfond.

I biletet frå perspektivmeldinga, der offentlege tenester må reduserast for å vera bærekraftige, løns- og pensjonsutgiftene veks meir enn inntektene, og forventningsgapet blir stadig større er det grunn til å rekna med at me også neste år må redusera kraftig utover det som ligg i økonomiplanen. I 2015 skal i tillegg eigedomsskatten reduserast. Effektiviseringstiltaka som allereie er sett i verk, eller som

er planlagt sett i verk, vil ikkje vera store nok til å dekkja inn det 8,5 mill. store inntektstapet denne reduksjonen vil medføre. Dermed vil det krevjast ganske kraftige prioriteringar av oss i planarbeid, tertialar og enkeltsaker neste år. For å koma i mål med budsjettet for 2015 må me i løpet av 2014 tørre å tenkja det utenkjelege og vurdere fleire saker som kan gje store innsparingsgevinstar. Det mest nærliggjande vil vera då vera å vurdere å leggja ned legevakten i Kvam og kun ha interkommunal legevakt i helgene og mellom kl 16 og 08 kvardagar. Vidare må me vurdere å senda elevane i Ålvik til Øystese eller Granvin i staden for å byggja ny skule. Tørvikbygd skule bør også vurderast nedlagt. Andre tenester som må vurderast å bli lagt ned eller kraftig redusert i ein slik samanheng er kulturkontor, kino, dagsenter for demente og ppt-kontor. Alt dette er sjølvstige lite ynskjeleg, men saker som me må sjå nærare på i planarbeid eller som enkeltsaker i løpet av 2014.


Budsjettframlegget til rådmannen er gjort opp med ei avsetjing til disposisjonsfond på 12,9 mill. Sidan dette budsjettet er ekstremt stramt og dei fleste moglege nye inntekter og effektiviseringsgevinstar allereie er forskottert finst det ingen bufrar att. Det trengst av den grunn eit disposisjonsfond for å dekkja eventuelle uføresette utgifter som dukkar opp i løpet av året. Rådmannen meiner likevel det vil vera forsvarleg at heradsstyret nyttar nokre millionar av disposisjonsfondet til å reversera kutt eller prioritera nokre av tiltaka på tiltakslista.

2 Om budsjett og økonomiplan

2.1 Hovudlinjer


Driftsbudsjettet til Kvam herad har to hovudelement; statlege inntekter og lønsutgifter. I budsjettet for 2014 er dei to hovudpostane om lag like store i kronesum (ca. ein halv milliard) og i prosentvis fordeling av inntekter og utgifter (ca. 70%).

Brutto driftsresultat i 2014 er om lag i balanse. Både inntektene og utgiftene er rett i underkant av 700 millioner kroner. Inntektene fordeler seg på følgjande måte:



Dei statlege inntektene er igjen fordelt på rammetilskot (264 mill.kr, 38%), skatt på inntekt og formue (197 mill.kr, 28%) og andre statlege overføringar (41 mill.kr, 6%).

Driftsutgiftene i 2014 er fordelt på følgjande hovudpostar:



Løn utgjør 374 mill.kr (54%) og sosiale utgifter 115 mill.kr (16%) av dei totale utgiftene.

Kvam herad har ein vekst i lønsutgifter som er lågare i høve budsjettet for 2013 (1,4%), enn estimert lønsvekst i statsbudsjettet (3,5%). Tilsvarande tak for 2013 var ein vekst i kommunen på 1,5% mot statsbudsjettet på 4%.

Pensjonskostnaden aukar langt utover lønsveksten, og er på 9,7% i høve 2013. Dersom me reknar dei sosiale utgiftene i prosent av lønsutgiftene i 2014, vert summen over 31%. I 2013 er det eit påslag på 28% for dei sosiale utgiftene. Staten har så langt vore klar på at dei vil ikkje kompensera for veksten i pensjonsutgifter, og det er ingen grunn til å tru at eit regjeringsskifte vil medføre endringar i denne haldninga.

Kvam herad har 3 ulike pensjonsordningar; KLP for sjukepleiarar, Statens pensjonskasse for lærarar og «hovudordninga» for alle andre tilsette. Hovudordninga medfører eit tillegg på løn på over 20%. Arbeidsgjevaravgifta er på 14,1% av lønsutgiftene, men denne skal òg reknast av pensjonsutgiftene. Til saman må kommunen difor leggja på over 40% på mange av lønsutgiftene.

Utover auke som følgje av lønsvekst, har pensjonsutgiftene stige som følgje av auka levetid og lågare avkastning på pensjonsmidlane. Kvam herad har om lag 600 mill.kr. i pensjonsmidlar.

Pensjonskassane kan ikkje plassera midlar i mange høgrisikoportefølgjer. Det senkar risikoen for tap av midlar, men òg høvet til å få avkastningar utover rentenivå. At rentenivået er lågt, er svært gunstig for kommunen sine lånerenter, men ugunstig for avkastning på pensjonsmidlane. Det er ikkje noko som tyder på større endringar i rentenivået dei næraste åra som vil redusera pensjonskostnaden. Til dømes har kommunen nyleg refinansiert eit av sine lån til under 3% fast rente i 4 år, hjå pensjonsleverandøren KLP.

Mange av dei kommunale bygga kommunen har disponert, var bygd på 50- og 60-talet. Ein reknar ei levetid for slike bygg på 40-50 år. Manglande vedlikehald, strukturendringar og utdatert bygningsmasse, har medført at kommunen har hatt mange år med store investeringar på 2000-talet. Dei fleste av investeringane har vorte lånefinansiert. Kommunen har difor ei lånegjeld på over 800 mill.kr. I tillegg kjem startlånsordninga til Husbanken på nær 60 mill.kr.

På grunn av veksten i gjelda til kommunen, har òg rente- og avdragsutgiftene auka. I 2014 utgjør finansutgiftene vel 54 mill.kr. Kvam herad har òg relativt store finansinntekter, totalt nesten 34 mill.kr. I 2013 er 23 mill.kr av desse aksjeutbytte på kraftselskap. Utbytte frå Kvam kraftverk er sett til 16 mill.kr i 2014, der 7,5 mill.kr er ekstraordinære uttak til finansiering av Jondalstunnelen. Uttaket er på 1,9 mil.kr pr. år, men i 2014 ligg det inne etterbetaling for 2011-2013. Det ordinære utbytteuttaket er i ein nedtrappingsfase med ein årleg reduksjon på 1 mill.kr. I 2014 er det ordinære utbyttet på 8,5 mill.kr.

Kommune-Noreg har operert med eit mål på 3% netto driftsresultat i seinare år. Dette er eit mål heradsstyret i Kvam òg har sett i høve budsjettarbeid. Ei viktig inntekt som danna grunnlag for dei 3% i resultat, var kompensasjonssinntekta frå meirverdiavgift på investeringar. Fram til 1.1.14 er inntekta ført i drifta. Etter dette skal den først i investeringsrekneskapet, og kan ikkje nyttast til driftsutgifter. Det er såleis forventa ein reduksjon i driftsinntektene i kommunane, som vil redusera netto driftsresultat.

I det opprinnelege budsjettet for 2013 var mva.kompensasjonen i drift budsjettert med over 26,3 mill.kr. Netto driftsresultat var på 17,6 mill.kr, og hadde vore på -8,7 mill.kr utan inntekta. I løpet av året er inntekta redusert til 13 mill.kr på grunn av tidsforskyvingar på investeringsprosjekta. Netto driftsresultat er på 15,3 mill.kr for 2013, dvs + 2,3 mill.kr utan mva.kompensasjonen.

Kvam herad har eit budsjettert mindreforbruk på +11,5 mill.kr i 2014, som gjev eit netto driftsresultat på 1,6%. Resultatet bør samanliknast med +2,3 mill.kr i 2013 dersom ein skal ta omsyn til rekneskapsmessige endringar i føring av mva.kompensasjon.

I økonomiplanperioden fell netto driftsresultat kraftig, og kommunen får eit meirforbruk. Dette skuldast at 8,5 mill.kr i eigedomsskatt fell vekk, dei 5,6 mill.kr i ekstraordinært utbytte fell vekk, ordinært utbytte vert redusert med 1 mill.kr og rente- og avdragsutgiftene aukar. Innsparingstiltaka klarar ikkje demma opp for inntektsreduksjonane. I tillegg skal VAR-budsjettet gå med meirforbruk i denne perioden for å bruka opp fondsmidlar. Det utgjer -1,7 mill.kr av netto driftsresultat i perioden. Netto driftsresultat for «ordinær drift» i økonomiplanperioden (utan VAR og prosjekt) er på: 0,1 mill.kr i 2015, -2,9 mill.kr i 2016 og -1,9 mill.kr i 2017.

I budsjettet for 2013 vart det vedteke ei heil rekkje innsparingstiltak for planperioden. Organisasjonen er godt i gang med arbeidet med å justera drifta i høve tiltaka. Det er kome nokre ekstra tiltak i budsjettarbeidet for 2014, men administrasjonen finn det ikkje forsvarleg å foreslå så store tiltak som må til for å nå eit mål om 3% netto driftsresultat i dette budsjettframlegget. 2014 bør nyttast til å ferdigstilla vedtekne innsparingar, og starta opp nye analysearbeid som grunnlag for vidare driftsinnsparingar for å nå målet om positivt netto driftsresultat og fjerning av eigedomsskatt på bustader.

Ein kommune kan ikkje gå konkurs, men må enten dekkja inn eit meirforbruk i netto driftsresultat med eit netto mindreforbruk neste år, eller ved hjelp av fondsmidlar. Fondsmidlane er delt i tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk, bundne fond og disposisjonsfond.

Kvam herad har ein del bundne fondsmidlar, men som namnet seier, kan dei berre nyttast til utvalde føremål. Ein heil del av fondsmidlane er òg allereie bunde opp i tidlegare vedtak, slik som 0,4 mill.kr av dei 2,4 mill.kr av tidlegare års mindreforbruk. Det største disposisjonsfondet er mastefondet der 22,4 mill.kr er udisponert. Heradsstyret har vedteke eigne retningslinjer for bruk av dette fondet. Det som står att, er litt midlar på fondet for mva.kompensasjon frå investeringsprosjekt. Status på dette vert ikkje klart før rekneskapen for 2013 er ferdig, men forskyvde investeringsprosjekt medfører at avsetningane vert lågare enn tidlegare estimert. I tillegg har heradsstyret bedt om at ekstra kraftinntekter skal setjast av på fond.

Kommunen har i praksis svært små fondsmidlar til bruk i drift dersom det skulle verta nødvendig. Det ligg difor inne ein oppbygging av fondsmidlar i budsjettet for 2014. Fyrst er dei 5,6 mill.kr for Jondalstunnelen 2011-2013, sett av på fond. Dette fordi utgiftene tidlegare har vorte finansiert av kommunen sine driftsinntekter. I tillegg er det òg sett av 7,1 mill.kr av mindreforbruket til ein «buffer». Det er gjort ein liten fondsavsetning i 2015 òg (1,8 mill.kr), men denne er brukt op att dei to neste åra (1,3 mill.kr i 2016 og 0,3 mill.kr i 2017).

I budsjettdokumentet er det lagt fram ei liste over tiltak einingane ynskjer å gjennomføra, som ikkje er innarbeidd i budsjettframlegget. Dersom eit av tiltaka skal innarbeidast i budsjettframlegget for 2014, må tiltaket finansierast med redusert fondsavsetning eller tilsvarande innsparingar på andre område.

2.2 Budsjettarbeidet

Arbeidet med budsjettet for 2014 og økonomiplanen 2014-2017 har hatt følgjande utgangspunkt:

- O I statsbudsjettet er det lagt til grunn ein lønsvekst på 3,5%. Lønsveksten utgjer om lag 2/3 av deflatoren på 3,0%, der prisvekst er den restande 1/3 (ca. 2,1%). **Det er ikkje lagt inn %-vis auke for 2015-2017 i verken inntekter eller utgifter. Evt. endringar i økonomiplanen er ut frå volumendringar, og ikkje pris.**

- Kommunen sine prisar for brukarbetalingar og sals- og leigeinntekter vert i utgangspunktet auka med deflatoren (3,0% i 2014). Mange av inntektspostane har ei anna utvikling enn denne satsen. Dette gjeld for eksempel husleigeinntektene (2,1% i prisvekst i 2014), VA-gebyr (uendra prisvekst), foreldrebetaling for barnehageplassar (1,2% i prisvekst) og statlege satsar for PLO-tenester.
- Kvam herad nyttar KS sin prognosemodell til utrekning av skatt og rammetilskot. Det er òg gjort for 2014, men det er knytt ekstra risiko til estimatet for skatteinntekter på grunn av vegstenginga i Tokagjelet. Kva innverknad dette har på skatteinntektene til kommunen, vert ikkje kjent før hausten 2014. Lågare skatteinntekter vert kompensert med auka rammetilskot, men ikkje fullt ut.
- Statsbudsjettet vert berre utarbeidd for 1 år, medan kommunen skal utarbeida ein økonomiplan for dei 3 påfølgjande åra i tillegg. I økonomiplanen ligg dei statlege inntektene lik som i 2014.
- Eigedomsskatten er lagt inn med 3,5 promille i 2014 (som 2013) for bustader, og redusert til 2 promille i resten av økonomiplanperioden.
- Nettoinntekter frå heimfallsinntekter og sal av konsesjonskraft er lagt inn i tråd med prognosar utarbeidd av Kvam kraftverk hausten 2013. Tilsvarande summar er lagt inn i resten av økonomiplanen.
- Lønsbudsjettet er laga på same stillingsnivå som 2013, men justert for politisk vedtekne endringar og evt. andre endringar som har kome fram i løpet av budsjettprosessen. I tillegg vert det lagt på lønsauke lik prosentsatsen henta frå Statsbudsjettet (3,5%). Vidare innsparingstiltak er innarbeidd i økonomiplanen.
- Pensjon og andre sosiale kostnader kjem som ein følgjekostnad av auke i løn og lønsveksten, men kostnaden har auka langt utover dette. Mykje tyder på at pensjonsutgiftene vil auka utover lønsveksten i økonomiplanperioden òg. Ein slik vekst er ikkje teke høgde for, og vil gje kommunen ytterlegare utfordringar.
- Kjøp av varer og tenester har som hovudregel ikkje vorte justert for prisvekst i mange år. Det har vore ein av metodane som har vorte brukt for å halda driftsnivået nede, noko ein òg har lukkast med. I praksis lar ikkje dette seg gjennomføra fullt ut i lengda, og enkelte prisendringar har medført mindre justeringar. Nivået på utgiftene vert òg justert for politisk vedtekne endringar. Kvam herad har òg auka satsinga på innkjøpsarbeid, og lagt inn reduksjon i pris i øk.planperioden som følgje av nye og betre avtalar.
- Finansinntekter og -utgifter er rekna ut med estimerte satsar frå kommunen sin finansmeklar Bergen Capital Management. Det er nytta minimumssats (3,5% av låneportefølje) for utrekning av låneavdrag. I planperioden er utgiftene justert for nye låneopptak og låneavdrag, mens rentenivået er halde på same nivå som for 2014.
- Utbytte frå Kvam kraftverk har eit ekstraordinært uttak på 7,5 mill.kr i 2014, medan det ordinære utbyttet er redusert med 1 mill.kr. i tråd med nedtrappingsplanen.

2.3 Risikomoment

I budsjettet for 2014 er dei siste marginane rista ut. Det vil seia at det m.a. er lagt inn krav til innsparing i vakante stillingar, innsparing i sjukepengar og krav til auka inntekter. Innsparinga ved sjukefråvær er på 2 mill.kr. For den ordinære drifta er dette ikkje dramatisk da ein erfaringsmessig har høgare inntekt knytt til langtidsfråvær, enn ein har utgifter pga. billigare vikarar og vanskar med å skaffe vikar. Men dette vil medføre at det ikkje er midlar i eininga til å handtera evt. uforutsette behov i løpet av året. Kort sagt er inntekter generelt vurdert høgare og utgifter lågare. Det aukar risikoen for budsjettsprikk. Det er arbeidd svært godt med innsparingskrava i 2013, men ytterlagare innsparingspotensiale må leitast etter i øk.planperioden for å opparbeida ein sunn økonomi med rom for endringar og uventa hendingar. Sjølv om driftsbudsjettet til Kvam herad til saman er på nesten 1,5 milliard, er det mange avgrensingar og krav som gjer at sjølv små endringar kan medføre store utfordringar. Hovudårsaka er at 70% av driftsutgiftene er personalutgifter som er vanskeleg å tilpassa på kort sikt. I og med at kommunen har om lag 1.000 tilsette, oppstår det ein del vakante stillingar i løpet av eit år. Men stillinga kan vera innanfor eit politisk satsingsområde heller enn i eit innsparingsområde.

- Som tidlegare omtala, kan skatteinntektene verta lågare enn budsjettert på grunn av vegstenginga i Tokagjelet, men omfanget er svært vanskeleg å forutsjå. Og noko av det eventuelle inntektsfallet vil verta kompensert av inntektsutjamnande tilskot.
- Kraftinntektene er for tida relativt låge, og ser ut til å halda fram med eit same nivå. Men historikken viser at inntektene fort kan svinga med millionssumar. Auka inntekter utover budsjett skal setjast av til fond.
- 2014 er eit såkalla «hovudoppgjer» i lønsforhandlingar. Lønsutgiftene er dei største utgiftene til kommunen, og ei endring i lønsoppgjeret på 0,1% utgjer om lag 0,3 mill.kr. Lønsoppgjeret vert i hovudsak forhandla sentralt og kommunen har relativt liten innverknad på resultatet.
- Kommunane i Noreg har ei felles problemstilling i høve pensjonsutgifter. Staten kjem som tidlegare omtala, ikkje til å finansiera dei auka pensjonsutgiftene. I tillegg opparbeider kommune-Noreg eit stort premieavvik som ingen veit korleis skal handterast.
- Kommunen har rentebindingar på fleire av låna i porteføljen, men ein del av dei er korte og skal refinansierast i 2014. Det er likevel ikkje noko som tyder på store endringar i rentenivået. Men med over 800 mill.kr i lån, vil 1% endring i rentenivå medføre auke i renteutgiftene på 8 mill.kr. Ein del vil verta kompensert av inntekter frå VAR-området og andre rentekompensasjonar.
- Som tidlegare, kan enkeltsaker krevast hastetiltak og relativt store ressursar. Som døme har me barnevernssaker og ressurskrevande brukarar. Staten gjev tilskot til begge desse gruppene, men har sjølv funne ut at sakene er så mange og krevande at dei har redusert sitt relative tilskot. Dermed sit kommunen att med endå større utgift og risiko enn tidlegare.

2.4 Investeringsbudsjett vs driftsbudsjett:

Eit kommunerekneskap skil seg frå rekneskap til private firma på fleire måtar, men ein av dei største skilnadane er at kommunerekneskapen har 3 ulike deler i motsetnad til private firma sitt resultat- og balanserekneskap. Dei 3 ulike delene er drift, investering og balanse.

Kommunen kan ikkje lånefinansiera drifta si, men investeringane. Det er difor ikkje lov til å nytta inntekter frå sal av eigedomar eller midlar frå investeringsfond i driftsrekneskapen.

I investeringsrekneskapen finn me kjøp av varige driftsmidler som har ein verdi over 100.000 kr og ei levetid over 3 år. Med nokre få unntak som mindre kjøp av bygg og tomter, og tilsvarande sal, er alle slike kjøp organiserte som investeringsprosjekt. Alle investeringsprosjekt vert vedtekne av heradsstyre. Kvam herad har hatt fokus på styring av dei enkelte prosjekta som ofte går over fleire år, heller enn investeringsrekneskapen pr. år.

Kommunen har nokre fondsmidlar som kan nyttast til investeringar, men nyttar i hovudsak lånefinansiering. Lånefinansiering av prosjekt medfører at utgiftene i driftsrekneskapen aukar. Avdragsutgiftene aukar med 3,5% av lånesummen. I tillegg aukar renteutgiftene med mellom 2-3,5% av lånesummen, alt etter vilkåra for det nye lånet. Det vil seia at ei investering til 10 mill.kr medfører ein auke på 0,35 mill.kr i avdrag og t.d. 0,25 mill.kr i lånerenter. Utgiftene fell etter kvart som avdrag vert innbetalt. Investeringa bør difor medføra at drifta enten får auka inntekter eller lågare utgifter tilsvarande 0,6 mill.kr. Dersom ikkje, medfører investeringa ei omprioritering av driftsmidlane. Dette er noko fylkesmannen er svært oppteken av i sine innspel til kommunen sine budsjett.

I praksis er det vanskeleg å berre gjennomføra investeringar som gjev tilsvarande endringar i driftsrekneskapen. Det er for eksempel trong for investeringar i bygg, vegar, IT og teknisk utstyr for å oppretthalda nivået på tenestene, utan at det vil gje innsparingar. Satsingar på kultur og liknande får òg svært sjeldan innsparingseffekt i driftsbudsjettet. Men dei er gjerne ein del av satsing på Kvam som ein attraktiv bukommune, og ein del av det store inntektsbiletet.

3 Rammeområda samla

Heradsstyret i Kvam er opptekne av tenestene kommunen produserer for innbyggjarane. Tenestene er organsiert i ulike KOSTRA-tema, som er hovudprioriteringar rådmannen skal styra etter. Tabellen under viser hovudoversikt drift fordelt på KOSTRA-tema for Kvam herad. Tal og tekst i kapittel 1-6 er i tråd med rådmannen sitt framlegg til vedtak. Tal og tekst i kapittel 7 er endra frå rådmannen sitt framlegg til Kvam heradsstyre til vedtak, med tabellar som er oppdaterte for vedtaksendringane.

Hovudoversikt drift 2014. Fordelt på Kostra-tema					
	2. tertial 2013		Budsjett 2014		
Tema (i 1000 kr)	Brt. utg. 2013	Netto utg 2013	Brt. utg. 2014	Netto utg 2014	Endring 2013/2014
Politisk verksemd	4 959	4 599	4 432	4 326	-273
Adm. og fellesutgifter	33 482	23 932	39 762	30 598	6 666
Barnehagar	72 972	60 089	73 477	60 828	739
Grunnskule	180 702	148 489	166 938	149 824	1 335
Kommunehelse	35 534	28 553	34 392	27 254	-1 299
Pleie- og omsorgstenesta	211 084	178 178	213 247	179 088	911
Sosialteneste og NAV	29 425	25 044	28 730	26 666	1 622
Barnevern	20 294	19 544	21 171	20 246	702
Bustader	14 512	-3 230	13 997	-3 022	207
Plan	20 090	7 388	18 766	6 980	-408
Næringstøtte og komm. forretningsdrift	31 950	-13 171	28 023	-12 668	503
Brann og ulykkesvern	7 895	6 473	9 305	7 330	858
Samferdsle og grøntanlegg	18 855	14 805	17 161	14 235	-570
Vatn avløp og renovasjon/avfall	57 137	-3 617	37 945	-3 150	467
Kultur	17 111	12 772	17 338	13 107	334
Kyrkje	5 047	5 024	4 840	4 824	-200
Skatt og rammetilskot	0	-503 874	0	-523 094	-19 220
Finans	54 586	18 394	64 581	30 546	12 152
Løn til fordeling	20	20	0	0	-20
Motpost avskrivingar	0	-29 412	0	-33 918	-4 506
Sum	815 654	0	794 107	0	0

For kvart rammeområde er det dei større kjende endringane som vert kommentert. Det gjeld endringar som ikkje er knytt til ordinær lønsjustering eller endringar mellom tenester og rammeområde. Avskrivingar og sosiale utgifter er trekt ut og kommentert i eigne tabellar.

3.1 Politisk verksemd

Politisk verksemd					
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Opphav. Bud 2013	Just bud 2013	Bud 2014	Endring 2013/2014
100 Politisk styring og kontrollorgan	3 081	3 370	3 370	3 094	-276
110 Kontroll og revisjon	445	696	650	676	26
Politisk verksemd	3 526	4 066	4 020	3 770	-249

Forklaring til endringar i budsjett 2014:

2013 var eit valår, noko som gav høgare utgifter til politisk styring. Utgiftene kjem til å gå opp att i 2015.

Evt. samanslåing av Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kjem opp som eiga sak. Venta innsparing er på funksjon 100 er ikkje lagt inn i budsjettdokumentet.

Budsjettforslaget til funksjon 110 samsvarer med innstillinga frå Kontrollutvalet.

Status:

Politisk verksemd er eit lite, men grunnleggjande rammeområde for ein kommune. Dei vel 3,6 mill.kr dekkjer løn, godtgjersle, tapt arbeidsforteneste, frikjøp, refusjonar arbeidsgjevarar, møteutgifter og transport til politikarar og kontrollutval, og tilskot til politiske parti og grendeutval.

Arbeidsvilkåra for politikarane vart endra i 2012, og godtgjersla til ordførar er fastsett til 100% av godtgjersla til stortingsrepresentantane. Varaordføraren får ei fast godtgjersla på 10% av ordførargodtgjersla.

Frå og med 2014 må det inngåast ny revisjonsavtale. Hordaland fylkeskommune som har sekretariatsarbeidet for Kontrollutvalet, gjennomfører anbodskonkurransen. Noverande leverandør er Deloitte.

Utfordringar:

Etter regjeringsskiftet er kommunesamanslåing vorte ytterlegare aktualisert. Hardangerrådet har starta på eit arbeid med å utgreia ein «Hardangerkommune», som er tema for Hardangerkonferansen 13. og 14. november 2013. Resultatet av arbeidet har svært mykje å seia for vidare utvikling av både politisk og administrativt arbeid i økonomiplanperioden.

I 2015 er det nytt heradsstyreval. Parallelt med kommunesamanslåing, bør 2014 nyttast til å vurdere framtidig politisk organisering og nivå i Kvam.

Kvam heradsstyre har i dag 27 heradsstyremedlemmer. Kravet ut frå folketalet er 19. Formannskapet er det einaste lovpålagde utvalet. Kommunen har i tillegg eit utval for «Næring, plan og bygg» og «Teneste». Eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er lovpålagde organ, men kan slåast saman. Ei sak vedr. samanslåing er tinga i budsjettet for 2013, og kjem opp som eiga sak saman med budsjettet.

I samband med oppussing og oppgradering av heradsstyresalen, investerer Kvam herad òg i nytt AV-utstyr. I økonomiplanperioden må nytt verktøy takast i bruk og utviklast vidare.

Kommunen har ein eigenutvikla politikarportal som del av www.kvam.no. Ny politikarportal vert vurdert saman med ny portalløysing for kommunen i eige prosjekt (P18131 – Portal- og administrasjonssystem).

Målsetjing for perioden:

Arbeid med framtidig politisk organisering.

Nytta nye verktøy for å forbetra og forenkla politisk sakshandsaming.

3.2 Administrasjon, styring og fellesutgifter

Adm. og fellesutgifter						
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Opphav. Bud 2013	Just bud 2013	Bud 2014	Endring 2013/2014	
120 Administrasjon	22 929	25 379	25 129	27 085	1 929	
121 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	1 854	2 328	2 527	1 303	-1 225	
130 Administrasjonslokale	1 060	1 211	1 254	1 061	-193	
170 Premieavvik	-1	0	0	0	0	
180 Diverse fellesutgifter	324	302	296	343	47	
190 Interne serviceeiningar	-500	-627	-702	-636	65	
Adm. og fellesutgifter	25 666	28 593	28 504	29 155	623	

Forklaring til endringer i budsjett 2014:

Det har vore fleire vakante stillingar i funksjon 120 som er bemanna igjen i 2014. I tillegg ligg det inne ein lønsvekst. 0,6 mill.kr av veksten skal fordelast til bl.a. byggjesaker i løpet av 2014.

Administrasjonen har starta på eit arbeid med å gå gjennom programlisensane, og har redusert kostnaden i 2013. Men i 2014 er det ein auke på 0,7 mill.kr som følgje av auka lisenskostnader for bl.a. Microsoft-lisensar.

Eigedomsforvaltning er redusert med nesten 2 årsverk. Redusert reinhald av adm.lokale gjev lågare budsjett i 2014.

Status:

Rammeområdet administrasjon, styring og fellesutgifter er innhaldsrikt og med relativt store variasjonar i løpet av året. Nokre av summane vert fordelt på andre tenester i løpet av året.

Følgjande tenester vert utført i funksjon 120: Administrativ leiing, politisk sekretariat, IKT, kantinedrift, innkjøp og økonomiforvaltning, organisasjons- og personalutvikling.

Eigedomsforvaltning er både å forvalta kjøp og av kommunen sine eigedomar, og inn- og utleige. I tillegg til utleige av eigne bygg, inngjekk kommunen ei rekkje framleigeavtalar med privatpersonar nokre år tilbake. Desse framleigeavtalene er under avvikling.

Funksjon 180 inneheld leige av rettslokale, overformynderi, forsikring og felleskontingentar, medan 190 er interne serviceeiningar som vert fordelt ved årsslutt. Overformynderiet vart overteke av fylkeskommunen 1.7.13.

Premieavviket er skilnaden mellom innbetalt pensjonspremie og estimert kostnad, og varierer med millionar frå år til år. Utrekning av pensjonskostnad og premieavvik er basert på ei lang rekkje statistiske parameter i tillegg til lønsmasse og avkastning i rente- og aksjemarknaden. Premieavviket er trekt ut i eigen tabell for sosiale kostnader.

Utfordringar:

Ei av dei viktigaste oppgåvene for rammeområdet er å initiera, støtta og gjennomføra organisasjonsendringar for å gje innbyggjarane så gode tenester som mogeleg, billegast mogeleg. Kvam herad står framfor store utfordringar og må arbeida godt for å redusera kostnader ved ned bemanning og å finna nye inntekter. Organisasjonsutvikling, bruk av IT-verktøy, gjennomgåing av avtalar og gjennomføring av verksemdanalyser er viktig i denne prosessen, noko formannskapet sitt budsjettnotat støttar.

Kvam herad står framfor viktige val og prioriteringar, og det er administrasjonen sitt ansvar å gje politikarane eit godt grunnlag til å ta sine avgjersler på.

Målsetjing for perioden:

Utarbeida grunnlag for politiske saker av høg kvalitet og i god tid.

Halda fram med gjennomgangen av innkjøpsavtalar for å finna nye finansieringskjelder og ivareta lovverk. Likeeins er det eit mål å få gjennomført fleire analysar av avtaleverk og økonomi for å finna innsparingspotensiale som går minst mogeleg utover tenesteproduksjonen. Eit anna mål er å ta i bruk nye it-verktøy som organisasjonen har bedt om for å utføra tenestene meir effektivt og med større kvalitet. Viktigaste målet er nok likevel å arbeida godt med organisasjons- og personalutvikling i ein krevjande prosess, og å skaffa fram gode prosessar og grunnlag for politiske prioriteringar og val.

3.3 Barnehagar

Barnehagar					
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Opphav. Bud 2013	Just bud 2013	Bud 2014	Endring 2013/2014
201 Førskule	36 172	36 875	36 880	36 496	-384
211 Styrka tilbod til førskuleborn	3 215	4 493	4 399	4 341	-58
221 Førskulelokale og skyss	3 224	3 527	3 485	3 668	183
Barnehagar	42 611	44 895	44 765	44 505	-260

Forklaring til endringer i budsjett 2014:

I Statsbudsjett for 2014 er det lagt opp til ein auke i brukarbetalinga for barnehage frå kr 2330 til kr 2360. I budsjett 2014 vert det foreslått å auka prisen på halv plass til 60 %. Vedtekne innsparingar har fått heilårseffekt i 2014. Dette har òg ført til at tilskotet til FUS er redusert med 0,6 mill.kr i 2014.

Status

I Kvam er det barnehageplass til alle som har rett til barnehageplass etter barnehagelova, men det er likevel 14 born på venteliste som ikkje har rett.

Kvam Herad har framleis ei utfordring med å skaffa nok pedagogiske leiarar med godkjent utdanning som førskulelærar. Pr 21.okt. har me 3,1 årsverk på dispensasjon som pedagogiske leiarar fordelt på 8 personar. Om lag halvparten av årsverka på dispensasjon er knytt til 20% -30% stillingar grunna førskulelærarar som har delvis permisjon.

Gjennom tidleg innsats, kompetanseheving og godt systemarbeid klarer me å gje borna ein god barnehagekvardag. Det ligg gode planar til grunn for drifta av barnehagane, men dei er meir sårbare enn tidlegare. Det er summen av endring i einingsnorm, utvida opningstid og endra bemanningsnorm, som gjer styrarane og dei tilsette i barnehage bekymra for det å oppretthalda kvaliteten i barnehagen.

Det har vore og er litt høgt sjukefråvær i barnehage 10,7% i 2012 og 10,26 % til no i 2013, og det er framleis store vanskar med å få tak i nok og stabile vikarar.

Pedagogisk fagteam jobbar med tidleg innsats i barnehage. Her er det førskulelærarar med ekstra kompetanse som systematisk rettleier og styrkjer personalet i barnehagane med mål om å fanga opp barn som har behov for litt ekstra hjelp på eit tidleg stadie.

I juni 2013 vart det vedteke ny struktur for barnehage. Fykse, Øystese og Bjørketeigen skal bli ein barnehage og det skal byggjast nytt barnehagebygg på i sentrum av Øystese som ein avdeling til Bjørketeigen. Tidsramme for ferdig bygg er januar 2015.

Norheimsund og Tolomarka skal bli til ein barnehage og Tolomarka barnehage skal byggjast ut og vera klar til innflytting august 2015.

Det skal byggjast ny barnehage i Tørvikbygd som skal stå klar august 2014, og Oma og Strandebarm skal inn i nytt barnehagebygg som skal vera klart august 2015.

Nye bygg og ny struktur vil bidra til meir effektiv barnehagedrift og meir tenlege bygg til å driva god barnehage i. Dagens barnehagar er bygd for 3-åringar, og er ikkje spesielt tilpassa dei yngste. Dette vil endra seg stort i nye bygg.

Utfordringar

Det blir viktig å halda fram arbeidet med å sikra fleire førskulelærarar til barnehagane. Det er mange førskulelærarar som søker seg over i skulen. Grunnane er m.a. høgare løn, arbeidstidsordningar og arbeidsoppgåver. Frå statleg hald blir det satsa på å få fleire menn til å velja barneutdanning ved å tilby gutar på ungdomsskuletrinn praksis i barnehage etter skuletid og i feriar. Dette er noko me ynskjer å prøva ut i Kvam i håp om å rekruttera fleire menn til å jobba i barnehage.

Lågare bemanning er utfordring og dei små barnehagane er meir sårbare enn dei store. Barn i dag har det godt materielt sett, men manglar tid med vaksne og nærleik og omsorg.

Det er behov for oppgradering av IT-utstyr i barnehagane til administrativt og pedagogisk bruk.

Barnehagane opplever det som ei utfordring med generelt vedlikehald og system for oppfølging frå FDV.

Målsetjing for perioden:

Gjennomføra tidleg innsats i tråd med satsinga i økonomiplanen 2013-2016

Rekruttera og behalda førskulelærarar og fagarbeidarar.

Vurdera å tilsetja faste vikarar for å sikra betre stabilitet for borna.

Gjennomføra strukturendring, bygging av nye barnehagar.

Sikra at det vert system for utskifting og oppgradering av IT-utstyr i barnehagane til administrativt og pedagogisk bruk.

3.4 Grunnskuleopplæring

Grunnskule						
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Opphav. Bud 2013	Just bud 2013	Bud 2014	Endring 2013/2014	
202 Grunnskule	79 757	83 782	83 380	83 137	-244	
213 Vaksenopplæring	3 183	3 450	3 396	4 802	1 405	
214 Spesialskular	0	0	0	0	0	
215 Skulefritidstilbod	1 381	1 804	1 724	1 634	-90	
222 Skulelokaler	11 083	10 566	10 299	10 453	154	
223 Skuleskyss	2 855	3 250	3 250	3 250	0	
383 Musikk- og kulturskular	3 514	3 527	3 570	3 752	182	
Grunnskule	101 773	106 379	105 619	107 027	1 408	

Forklaring til endringar i budsjett 2014:

I tillegg til heilårseffekten på tidlegare vedteke innsparingskrav, får skule krav om ytterlegare 1 mill. kr i reduksjon i grunnbemanninga frå hausten 2014. Valfag skal innførast og i 10. trinn frå hausten 2014 og medfører ei auke i lønsutgifter på 0,25 mill.kr. PPT har ein reduksjon på 0,6 mill.kr grunna overføring til andre funksjonar og auka sal av tenester.

Endringa på 1,4 mill.kr i funksjon 213 Vaksenopplæring, kjem i hovudsak av forventa reduksjon på 1,3 mill.kr i øyremerka tilskot frå staten grunna lågare stipulert mottak av flyktningar til kommunen. Dette fører igjen til ein reduksjon i årsverk som tilsvarar 0,4 mill.kr. Inntektene på SFO har auka med 0,28 mill.kr, medan utgiftene ikkje auka tilsvarande og nettoen vert ein reduksjon på 90 000 kr.

Kulturskulen, funksjon 383, har redusert lønsutgiftene med 0,65 mill.kr etter HST vedtak om innsparing. Talet på elevar har vorte mindre og inntektene er derfor redusert med 0,35 mill.kr. Innsparingstiltaka er vidareført i 2014 med heilårsverknad og utgjør 0,26 mill.kr i ytterlegare reduserte utgifter i 2014. Samla gjev dette ei netto endring på 0,18 mill.kr.

Status:

I august 2013 vart leiar for barnehage og skule tilsett.

Opplæringslova med forskrifter styrer mykje av aktiviteten innan skule. Det skjer stadig endringar, og nytt for 2013 er innføring av 1 time gratis kulturskuletilbod for alle barn 1-4 trinn. Det er starta opp tilbod om gratis kulturskuletilbod i heile kommunen. Tilbodet vert gjeve som gruppetilbod for elevar på 3. trinn.

Valgfag på 8. trinn blei innført høsten 2012. Valgfag på 9. trinn vert innført frå hausten 2013, og valfag for 10.trinn vert innført hausten 2014.

Elevtalet hausten 2013 er 1019 mot 1017 hausten 2012. Det er fleire elevar i skulen i Kvam som krev store ressursar. Nokon av desse er minoritetsspråklege. Det er i dag 75 minoritetsspråklege elvar i skulen i Kvam, mot 62 i 2012.

I 2013 har det vore tilsyn ved 2 av skulane i Kvam knytt til elevane sitt psykososiale miljø (§9a Oppl.ova). Tilsynet viste at det vert jobba bra med elevane sitt psykososiale miljø, men det var

manglar knytt til system. Dette er det jobba vidare med og utarbeidd planar for på skulane og på overordna nivå. Fokus på arbeid med psykososialt miljø vil vera ein raud tråd i alt systemarbeid på skulane.

I følgje opplæringslova skal kommunen ha eit forsvarleg system som sikrar kvaliteten i skulen jfr opplæringslova §13.10. I samarbeid med Hardanger og Voss kompetanseregion har det i løpet av 2013 blitt etablert eit forsvarleg system i alle Hardangerkommunane og skuleåret 2013/14 blir dette systemet sett ut i livet.

Vaksenopplæringa har om lag same aktivitet som tidlegare år. Fylkesmannen hadde tilsyn med vaksenopplæringa og vaksne sin rette til opplæring i oktober 2012. Tilbakemelding frå tilsynet syner at det vert gjort mykje godt arbeid ved vaksenopplæringa, men det er manglar knytt til system. Vidare må kommunen vera meir proaktive knytt til grunnskuleopplæring for vaksne. I etterkant av tilsynet er det jobba med systemutvikling og informasjon om grunnskuleopplæring for vaksne er betra.

Det er foreslått kutta eit årsverk fom. 01.08.2014 i vaksenopplæringa. Dette vil medføre noko større undervisningsgrupper, og mindre tilpassa undervisning for svake elevar. Dette kan igjen føra til dårlegare integrering.

Kulturskulen har eit stort og variert tilbod av aktivitetar. I Kvam får 37,4% av borna i alderen 6-15 år i eit tilbod i kulturskulen, til samanlikning er det 14,9% på landsbasis. Kulturskulen har venteliste på fleire aktivitetar.

Utfordringar:

Det er framleis ei utfordring å få til ei god organisering og gjennomføring av den spesialpedagogiske undervisninga. Det er ein begynt å jobba systematisk med gjennom satsinga «tidleg innsats» og berre etter to månader jobbing er det positive resultat. Det blir jobba målretta med systemarbeid på kvar enkelt skule, styrka den tilpassa opplæringa og auka den spesialpedagogiske kompetansen blant tilsette. Skuleeigar, ppt og skulane jobbar tett saman om denne satsinga. Det er utfordrande å klara «både og», då skulane rettar ressursar inn mot på tidleg innsats og samtundes har mykje ressursar bunde opp til spesialpedagogiske vedtak. Roma vart ikkje bygd på ein dag og denne snuoperasjonen må også gå over tid då system skal byggjast opp for å gje fleire elevar undervisning innanfor ordinær undervisning/tilpassa opplæring.

Det er foreslått å kutta 1 mill i grunnskulen fom. 01.08.14. Kutt i grunnbemanninga vil ha konsekvensar for lærartettleik og gruppestørrelse, og vil påvirke arbeidet med tidleg innsats. Å gjennomføre omfattande endringar under strammare rammer vil gå ut over kvalitet og tidsbruk. På lang sikt vil vi kunne sjå større vanskar hos eldre elevar, fråfall i skulen og arbeidsdugleik når dagens små blir vaksne. Dei svakaste elevane er sårbare ved reduksjon i tilbudet.

Det manglar system og ressursar til å gje nyankomne flyktingebarn og barn av arbeidsinnvandrarar eit godt skuletilbod når dei kjem til Norge.

Det er eit stort behov for oppdatert IT-utstyr i skulen både til lærarar og elevar. Det er viktig at dette vert sett i system slik at det ikkje må gjerast «skippertak» med ujamne mellomrom for å sikre at skulane har det utstyret dei treng. I samarbeid med regionen er det også laga ein pedagogisk IT-plan som gjeld for heile Hardanger. Skal skulane få utnytta denne ressursen må dei ha teneleg utstyr.

Det har vore og er ei stor utfordring knytt til vedlikehald på skulebygg og system for oppfylgjing av saker som vert lagt inn i Vpro.

Målsetjing for perioden:

Det skal utarbeidast ein plan for skuleutvikling som har det pedagogiske innhaldet i skulen i fokus. I løpet av dette skuleåret vert det utarbeida ein langsiktig plan for Kvammaskulen 2014-2020, som skal dekke fire hovudområder: Skuleleiing, Lesing, §9a og IT.

Skuleleiing: Hausten 2012 blei det innført ny leiarstruktur i skulane. Målet med styrka leiing på kvar skule er at leiinga skal vera tettare på, ha meir tid til pedagogisk leiing, betre koordinering av spesialundervisning og jobba meir målretta med framtidsmål for læring i skulane. Det vert viktig å fortsetje arbeidet med å implementera den nye leiarstrukturen, og styrke leiarkompetansen i leiartema.

Lesing: Lesing i alle fag, og alle lærarar som leselærarar, der styrking og vidareføring av arbeidet med Tidleg innsats og Vurdering for læring (VFL) vil vere sentrale element. Den nasjonale satsinga VFL (2010-2014) har som mål å auka læraren sin vurderingspraksis gjennom auka forståing for vurdering som redskap for læring. Skulane i Kvam har jobba målretta med dette utviklingsarbeidet også i 2013, og VFL er begynt å festa seg, men endringsprosessar tek tid. Dette arbeidet kan ses i naturleg samanheng med Tidleg innsats, da det og handlar om å utvikle den pedagogiske praksisen med aktivitetar og metodar som er i tråd med sentrale føringar og nyare forskning. Det er ein del av arbeidet med å styrke tilpassa opplæring og senke talet på einskildvedtak for spesialundervisning. Hausten 2013 starta satsinga «tidleg innsats» opp i både barnehagane og skulane i Kvam. PPT er viktig i dette arbeidet, og jobbar målretta ute i skulane. Målet med denne satsinga er å få ned spesialundervisningsprosenten og sikre at fleire elevar får undervisning innanfor den ordinære undervisninga. Som eit ledd i arbeidet med å få ned spesialundervisninga, har Kvam meldt seg på KS effektiviseringsnettverket – «*Bedre opplæring for alle - i skjæringspunktet mellom ordinær undervisning og spesialundervisning*». Dette er eit ledd i å oppnå meir effektiv drift i grunnskulen, og gje elevane eit betre tilpassa opplæringstilbod.

Planen er og å vere med i eit leseprogram frå hausten 2015. Det er eit mål at både lærarar, elevar og foreldre innan 3 år kan seie at i skulen i Kvam jobbar me ut frå prinsippa i vurdering for læring, og at dei har tileigna seg strategiar for lesing i alle fag.

§9a: Arbeidet med §9a vil vere å implementere dei planane som nå føreligg, og utvikle eit årshjul for arbeidet med det psykososiale miljøet i arbeidet mot mobbing. Om me på sikt skal delta i eit mobbeprogram vert avgjort på eit seinare tidspunkt. Det skal jobbast målretta slik at alle elevar trivest og lærer på skulen. Kvammaskulen – ein god stad å vera, ein god stad å læra.

IT: Målet er å gje eit likeverdig tilbod i alle skulane våre, og utvikle kompetanse i bruk av læringsplattforma itslearning, og i andre pedagogiske verktøy og program. Dette vil vere arbeid som er direkte knytt til dei tre områda over, og vil vere nyttig i skuleleiing, for arbeidet med lesing og vurdering for læring, og det psykososiale miljøet ved skulane. Det skal sikrast at det vert system for utskifting og oppgradering av IT-utstyr i skulane til både tilsette og elevar.

Det har vore ein auke i antall minoritetsspråklege barn i skulen i Kvam. For i større grad gje desse barna eit godt skuletilbod må det utarbeidast eit system som sikrar rask norskopplæring og god undervisning til nyankomne flyktingebarn og born av arbeidsinnvandrarar slik at føresetnadene ligg til rette for at dei kan bli godt integrert i samfunnet.

Kostraaanalysen viser at grunnskulen i Kvam bruker om lag 18 mill. meir enn normert utgiftsbehov. Det blir viktig å analysa kva som ligg bak desse 18 mill. for å sjå om me kan oppnå meir effektiv drift. Noko av forklaringa kan ligga i høg andel spesialundervisning og satsinga på nye skulebygg. Vidare er desentralisert skulestruktur ein kostnadsdrivar. For kostratala for 2012 ligg Steinsdalen skule og Vikøy/Aksnes skule inne fram til 01.08.12.

Kvam har framleis to små skular, Ålvik skule og Tørvikbygd skule, Til undervisning, leiing og assistent i skulen vert det nytta om lag 1,1 mill meir pr.småskule for å gje eit tilsvarande undervisningstilbod som på dei større skulane.

3.5 Kommunehelse

Kommunehelse					
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Opphav. Bud 2013	Just bud 2013	Bud 2014	Endring 2013/2014
232 Førebyggjing - skule og helsestasjonsteneste	4 090	5 367	5 344	5 426	82
233 Anna førebyggjande helsearbeid	1 754	3 962	3 554	2 979	-575
241 Diagnose, behandling, rehabilitering	13 151	12 067	13 455	13 446	-9
Kommunehelse	18 995	21 396	22 354	21 852	-502

Forklaring til endringar i budsjett 2014:

Reduksjon i funksjon 233 kjem som fylgje av reduserte faste lønsutgifter. Blant anna reduksjon i rusførebyggjande arbeid og vakant stilling som folkehelsekoordinator. Det er lagt inn ein reduksjon av Utekontakten på 0,3 mill. kr. På den andre sida kjem ein auke på 0,6 mill.kr til arbeid med ny beredskapsplan, tiltak og kompetanseheving på feltet.

På funksjon 241 aukar kostnadar til interkommunalt samarbeid på legevakten med 0,3 mill. kr, mens inntekter frå eigenandelar aukar grunna høg aktivitet. Andre endringar kjem av flytting mellom funksjonane.

Status

Tenestene under Kommunehelse i Kostra- samanheng er organisert i einingane Helse- og omsorg, Oppvekst og Samfunn-Utvikling. Tenestene er:

Folkehelse:

Frå 2008 har Kvam hatt partnerskapsavtale om folkehelse med Hordaland fylkeskommune.

Det har vore tilsett folkehelsekoordinator for å følgje opp dette arbeidet. Oversikt over folkehelsa i Kvam, eit grunnlagsdokument for vidare arbeid med nye planar, er under arbeid.

Folkehelsekoordinator er organisert i eining for Samfunn og utvikling. Tidlegare var folkehelseansvaret lagt til helseavdelinga. Med nytt lovverk frå 01.01.2012 er ansvaret flytta slik at heile organisasjonen har eit folkehelseansvar. Kommunen skal fremja folkehelse innan sine oppgåver og ta i bruk dei verkemiddel vi er tillagt, til dømes ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting.

Kvam har i fleire år arbeidd med folkehelse, og det er etablert mange gode folkehelsetiltak.

Det er også eit godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar om fleire av tiltaka.

Kvam deltek i nettverk for folkehelse i Hardanger og Voss. Målet er å utvikle folkehelsearbeidet i heile regionen i tråd med lova og til det beste for innbyggjarane.

Folkehelsekoordinator har permisjon frå stillinga si i 2014. Grunna innsparingskrav vert det ikkje sett inn vikar og oppgåver og ansvar vert fordelt på andre.

Helsestasjon og skulehelsetenesta:

Leiande helsesøster har hovudansvar for dette arbeidet. Tenesta har base ved Norheimsund helsestasjon (Tingbakken), med utekontor i Strandebarm, Ålvik og Øystese. Primæroppgåva er helsestasjon for barn, ungdom og flyktning, skulehelseteneste inkludert vidaregåande skule, jordmorteneste, vaksinasjonsprogram og reisevaksine. Helsestasjonen er også sentral i praktisk smittevernarbeid, både førebyggjande og i arbeid med smitteoppsporing. I samband med prosjekt Kvam familie- og læringscenter vart avdeling helsestasjon og skulehelsetenesta flytta over i eining for oppvekst 01.08.2013 saman med kommunepsykolog, barnevern og PPT.

Fysioterapi- og ergoterapitenesta:

Leiar for avdelinga har base i "Helsebanken" i Øystese. Det vert gjeve tilbod om fysioterapi i alle soner. Fysioterapeutane utøver både førebyggjande, kurative og rehabiliterande tenester for aldersgruppa 0-100 år. Barnefysioterapi er ein del av helsestasjon- og skulehelsetenesta. Tenesta er organisert med kommunale fysioterapeutar (primært for barn, funksjonshemma og eldre) og kurative tenester (primært av privatpraktiserande med driftstilskot frå kommunen) på institutta. Ergoterapitenesta har oppgåver i alle aldersgrupper og gjev tilbod både i heimane og på Kvam Rehabiliterings- og Behandlingsavdeling.

Kommunepsykologtenesta:

Kommunepsykologtenesta for barn, unge og familiar er etablert som fast teneste i Kvam. Jondal kommune kjøper kommunepsykologteneste frå Kvam.

I tillegg til individretta arbeid og veiledning, har tenesta eit medansvar for utvikling av tverrfaglege samhandlingsmodellar og befolkningsretta tiltak innan helsefremming og førebygging.

Eit 3 årig modellutprøvningsprosjekt: kommunepsykolog for vaksne (delfinansiert av Helsedirektoratet og i samarbeid med Jondal kommune) vart avslutta 1.1.2013 på grunn av at psykologen sa opp stillinga si midt i prosjektperioden. Det vert vurdert å søkje om nye prosjektmidlar for 2014.

Kommuneoverlege:

Kommuneoverlegen sin rolle er lovheimla i helse- og omsorgslova, folkehelselova og smittevernlova. Kommuneoverlege er organisert i stab i eining helse og omsorg. I tillegg til dei lovheimla oppgåvene som gjeld medisinsk fagleg rådgjeving, beredskap og smittevern har kommuneoverlegen oppgåver knytt til samhandling med andrelinetenesta og interkommunalt samarbeid.

Legetenesta – og legevakt er organisert under kommuneoverlegen, som har ansvar for oppfølging av avtalar om kurative tenester og offentlege allmennmedisinske oppgåver.

Legetenesta:

Kvam har 10 fastlegar med varierende listestorleik. Legekontora i Ålvik, Øystese og Norheimsund er privatdrivne med tilskot frå kommunen. I Strandebarm driv kommunen legekontoret som utekontor, dvs. at kommunen har utgifter og inntekter ved kontoret og kjøper legetenester hjå 5 privatpraktiserande legar.

Toloheimen har heiltidstilsett sjukeheimslege. Ved Øysteseheimen og Strandebarmheimen er det sjukeheimslege i deltidstillingar.

Legevakt:

Kvam legevakt er lokalisert i nye lokale ved Toloheimen, samlokalisert med Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling, lokale til polikliniske spesialisthelseteneste og ambulansestasjon. Kvam legevakt er tilgjengeleg for publikum på kveldstid og i helg og høgtid.

På natt er det interkommunal legevakt på Voss i samarbeid med fleire kommunar i Voss sjukehusområde. På dagtid dekkar fastlegekontora kvar si sone.

Det er for tida avtale om 10 delt vakt i Kvam. Interkommunalt har Kvam ansvar for kvar 6. natt på Voss.

Frå 01.01.2014 er Kvam legevakt ein av 3 legevaktstasjonar i Hardanger og Voss legevaktstrikt med felles legevaktsjef i 50% stilling.

Utfordringar:

Folkehelse:

Arbeida for å få til «helse i alt». Auka kunnskapen om og forståelsen for folkehelse og folkehelseansvaret i den kommunale organisasjonen. Etablera eit meir systematisk og langsiktig samarbeid med både private og frivillige aktørar i folkehelsearbeidet.

Ferdigstill og kontinuerleg ajourføra grunnlagsdokumentet om folkehelseutfordringane i Kvam med fokus på påvirkningsperspektivet.

Barn med fedmeproblematikk er ei aukande utfordring også i Kvam, og det er viktig med meir systematisk arbeid på dette området.

Helsestasjon og skulehelsetenesta:

Tenesta har fått nye oppgåver i samband med Samhandlingsreforma. Nyfødde kjem tidlegare ut frå sjukehus og dei har behov for meir tid og oppfølging i tidleg fase heime. I ny fødeavdeling på Haukeland sjukehus vert det lagt opp til 6-8 timars liggjetid etter fødsel, dette betyr nye oppgåver for tenesta i kommunen.

Tenesta har også ei viktig oppgåve i integreringsarbeidet i tett samarbeid med andre kommunale einingar.

Fysioterapi- og ergoterapitenesta:

Tenesta har fått nye oppgåver i samband med innføring av Samhandlingsreforma. Tidleg utskriving til heim og institusjon medfører fleire oppgåver også for fysioterapeutane og ergoterapeutane.

Fysioterapi og ergoterapi er viktig for at brukarane kan oppretthalde best mogeleg funksjonsnivå slik at flest mogeleg kan bu heime lengst mogeleg. Målet er hjelp til sjølvhjelp slik at flest mogeleg kan ta ansvar for eiga helse.

Dersom helse og omsorg skal starte med kvardagsrehabilitering er det behov for auka ressursar i tenesta til denne oppgåva.

Kommuneoverlege, legetenesta og legevakt:

Det vert arbeidd vidare med oppfølging av lovverket frå 2012:

Frå 1.1.2012 vart ny helse og omsorgslov, ny folkehelselov og Samhandlingsreforma iverksett.

Frå 1.1.2013 vart ny forskrift om fastlegeordninga iverksett.

Frå 1.1.2013 vart ny forskrift om fylgjeteneste for gravide iverksett.

Tenesta ventar framleis på ny forskrift om akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus som først skulle koma i løpet av 2012, seinare i 2013. Den er framleis ikkje komen på høyring.

Samhandlingsreforma vart innført 1.1.2012 og kommunen har no medfinansieringsansvar for ein del sjukehusenester, både innleggingar, polikliniske tenester og dagtilbod.

Det er utarbeidd nye samarbeidsavtalar mellom første og andrelinetenesta, gjeldande frå 01.07.2012.

Fastlegane og legevakslegane har ei sentral rolle både ved innlegging i og utskriving frå sjukehus saman med sjukeheimslegane.

Nytt nødnett skal innførast 2. halvår 2014 (kostnad på ca. 500`er ikkje lagt inn i budsjett 2014).

Rekruttera og behalda:

Innan rammeområdet kommunehelse har bemanninga stort sett vore stabil i mange år, og me har greidd å rekruttera til dei fleste nye ledige stillingane. Helsesøstertenesta har hatt utfordringar knytt til rekruttering i samband med langtidsfråvær.

I heile 2013 har det vore utfordringar med å dekkja vaktene for legane på legevakt. Bakgrunnen for dette var at legane frå 1.1.2013 fekk forskriftsfesta rett til fritak frå vakt ved fylte 55 år. Sjølv om aldersgrensa seinare er heva til 60 år, er det utfordrande å dekkja vaktene. Det vert arbeidd med å finna løysingar på denne utfordringa.

Kompetanse:

Fleire fysioterapeutar har vidareutdanning innan ulike spesialområde. 2 er i gong med vidareutdanning i barnefysioterapi, 1 i rehabilitering og 1 i fysioterapi for eldre.

8 av fastlegane er spesialistar i allmennmedisin. Dei 2 som manglar spesialiteten er komne langt med same vidareutdanninga. Ei ny spesialutdanning innan legevaktmedisin for sjukepleiarar er starta i Bergen. Ein av sjukepleiarane på legevakta er igong med denne utdanninga. Det er ynskjeleg å vidareutdanna alle sjukepleiarane våre ved legevakta i denne spesialiteten.

2 sjukepleiarar er i gang med vidareutdanning i helsesøsterarbeid.

Interkommunalt samarbeid:

Kommuneoverlegen har hatt ansvar for 2 delprosjekt knytt til samhandlingsreforma i Hardanger. Om lag 50 % av kommuneoverlegen si løn har vorte dekket av desse prosjektmidlane. Prosjekta er vidareført i 2013 og skal avsluttast ved årskifte.

Prosjekt Lokalmedisinsk senter på Toloheimen:

Lokalmedisinsk senter på Toloheimen vart offisielt opna 02.11.12. Lokalt hjelpemiddel-lager, legevakt og ambulansestasjon har flytta inn i sine lokale. Rehabiliterings- og behandlingsavdelinga var starta opp tidlegare. Det pågår arbeid med planlegging av ØH tilbod i avdelinga. 2 kontor er tekne i bruk av spesialisthelsetenesta. Frå 4.11.13 vert det starta med dialyse ved Kvam Rehabiliterings- og Behandlingsavdeling. Lærings og meistringsoppgåver og frisklivstilbod er også planlagt tenkt til det lokalmedisinske senteret. Det er laga plan for vidare utvikling av senteret.

Målsetjing for perioden:

Hovudmålet i 2014 er å tilpassa seg best mogeleg krava i nye lover og forskrifter, ta vare på fagfolka og tilby kompetanseheving slik at dei kan gje tenester med god kvalitet til brukarane og verta verande i kommunen.

Vidareføring av prosjekt lokalmedisinsk senter på Toloheimen med ny legevakt, ambulansestasjon, hjelpemiddellager, vidareutvikling av Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling med oppstart av ØH- seng, dialyse, lærings- og meistringskurs lokalt og frisklivsarbeid er viktige mål i komande år.

Vi arbeider også for å få fleire polikliniske aktivitetar knytt til lokale på Toloheimen.

Samhandlingsreforma legg opp til meir vektlegging av tidleg intervensjon og førebygging.

Vi tek mål av oss til å utvikla dette arbeidet ytterlegare, gjerne i samarbeid med nabokommunane våre.

Ny organisering må tilpassast plan for helse- og omsorg, plan for førebyggjande arbeid, bustadplan og plan for integrering.

3.6 Helse- og omsorg

Helse- og omsorgstenesta					
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Opphav. Bud 2013	Just bud 2013	Bud 2014	Endring 2013/2014
234 Aktivisering eldre og funksjonshemma	6 970	6 938	6 677	7 041	364
253 Helse- og omsorgstenester i institusjon	45 709	49 293	51 108	49 408	-1 700
254 Helse- og omsorgstenester til heimebuande	60 170	60 367	58 219	60 423	1 180
255 Medfinansiering somatiske tenester	9 010	9 100	9 100	9 756	656
256 Akutthjelp helse- og omsorgstenesten	-114	0	0	0	0
261 Institusjonslokaler	4 183	4 859	4 245	3 901	-344
Helse- og omsorgstenesta	117 033	121 457	120 248	130 529	-500

Forklaring til endringer i budsjett 2014:

Auken i funksjon 234 skuldast delvis omdisponering av 0,6 årsverk. Endringa i funksjon 253 kjem av reduksjon i faste lønsutgifter i tillegg til overføringar til funksjon 254. Totalt aukar inntektene i Pleie- og omsorgstenesta med ca. 1,2 mill. kr, mens utgifter for medfinansiering til somatiske tenester aukar med 0,65 mill. kr frå 2013 til 2014.

Status:

Fylgjande avdelingar er organisert i eining helse og omsorg: Stab og forvaltning, Pleie og omsorg, Kvam Rehabiliterings- og Behandlingsavdeling, Nav og Helse (psykisk helse, fysioterapi og legetenesta).

I KOSTRA-samanheng er fysioterapitenesta og legetenesta omtala under området Kommunehelse og NAV under området Sosialtenesta og NAV.

Samhandlingsreforma, ny Helse- og omsorgslov og ny Folkehelselov gjev føringar for korleis helse og omsorgstenesta skal organiserast, og kva oppgåver som skal løysast på kva nivå.

Stab og forvaltning:

Nyoppretta avdeling som har primæroppgåva sakshandsaming. Post/arkiv/merkantile oppgåver og IT i helse og omsorg er organisert i avdelinga.

Pleie og omsorg:

Avdeling pleie og omsorg har ansvar for å gi individuell hjelp til dei som treng omsorg, behandling og pleie gjennom ulike heimetenester og institusjonsomsorg. Tenesta rettar seg mot personar i alle aldersgrupper. Dei største gruppene er eldre, personar med psykisk utviklingshemming og personar med psykiske vanskar.

Tenesta vert leia av pleie og omsorgsleiar og er organisert i 14 grupper: 2 i Strandebarm, 5 i Norheimsund, 6 i Øystese og 1 i Ålvik.

Det er dagtilbod på Øysteseheimen, Strandebarmheimen og i Ålvik omsorgsbustader.

Kvam har sidan tidleg 90-tal arbeidd målretta for å utvikla tenesta i tråd med sentrale føringar og til beste for innbyggjarane.

Tenesta har som overordna mål at innbyggjarane skal få hjelp på lavast effektive omsorgsnivå.

Dette betyr mellom anna at flest mogeleg skal få bu heime lengst mogeleg.

Heile helse og omsorgstenesta er organisert for å nå dette målet. Det set krav til ei velorganisert og veldreven heimeteneste, behandlings- og rehabiliteringsteneste, satsing på sjukeheimslegeteneste, desentraliserte lege- og fysio/ergoterapiteneste og ei velorganisert legevaktteneste.

Behovet for tenester er påverka av den demografiske utviklinga i dei eldste aldersgruppene, men og av helsetilstand, forventningar og krav frå innbyggjarane, buforhold, samlivsmønster

og uformell omsorg.

Tenesta har vore gjennom omfattande omstillingsprosessar dei siste åra, der kravet til effektivitet og best mogleg utnytting av ressursane har vore sentralt.

Omsorgstrappa frå heimehjelp til spesialisert sjukeheim, fungerer. Det betyr at tildeling av tenester på ulike nivå samsvarer med funksjonsnivå hos brukarane.

Heradet har samla sett hatt gode resultat etter brukarundersøkingar (sist i 2010) og ligg på nivå med landsgjennomsnittet.

Med utgangspunkt i *Handlingsplan for eldre og Eineromsreforma* vart det i førre tiår gjennomført fleire nybygg- og ombyggingsprosjekt.

Renovering av 3 trygdebustader i Ålvik er starta. Renovering av Strandebarmheimen gjenstår.

Kvam Rehabiliterings- og behandlingsavdeling:

Kvam Rehabiliterings- og Behandlingsavdeling er ei korttidsavdeling som gir tilbod om rehabiliterings-, avlastnings-, observasjons- og behandlingsopphald. Samhandlingsreforma vart innført 1.jan. 2012 og med den fekk kommunen nye utfordringar og oppgåver .

Kommunen tek imot sjukare og meir behandlingsskrevjande pasientar enn tidlegare. Ved å samle korttidsenger på ein stad, opprette heil stilling for sjukeheimslege, samlokalisere korttidsavdelinga med legevakt, ambulansestasjon og hjelpemiddellager, og eit tett samarbeid med fastlegane og fysioterapeutane, er Kvam godt rusta til å ta fatt på dei nye oppgåvene.

Kreftkoordinator og lokalt hjelpemiddellager er organisatorisk knytt til avdelinga. Dei gir tenester til personar i alle soner.

Det er inngått avtale med Helse Bergen om oppstart av ØH- døgntilbod (1 seng) innan utgangen av 2013. Tiltaket er finansiert med øyremerka midlar.

Helse Bergen etablerer dialysesatelitt på Kvam Rehabiliterings og Behandlingsavdeling. Oppstart november 2013 med 2 dialysestasjoner ope 3 dagar pr. veke. Tiltaket vert finansiert frå Helse Bergen.

Avdeling psykisk helse:

Avdeling psykisk helse har base i ” Gamlebanken ” i Norheimsund. Avdelinga gir tenester til personar i alle soner. Gjennom opptappingsplan for psykisk helse (1998-2008) vart tenesta styrka på fleire område. Primæroppgåva er psykiatrisk heimesjukepleie for vaksne med ulike psykiske lidingar. Støttekontaktordninga, privat avlastning for funksjonshemma barn og ulike dagtilbod for målgruppa er organisert i avdelinga. Leiarstillinga som har vore vacant i 2013 er no utlyst med ynskje om snarleg tilsetjing.

Utfordringar:

Staten legg sterke føringar for tenestene gjennom lov og forskrift. I Stortingsmelding nr. 25 med tittelen *Mestring, muligheter og mening*, vert det peika på 5 hovedutfordringar for tenestene både på kort og lang sikt:

- Nye brukargrupper og sterkt vekst i yngre brukarar
- Aldring og spesielt fokus på demens
- Knappeheit på omsorgsyttarar
- Behovet for betre medisinsk og tverrfagleg oppfølging
- Aktiv omsorg

Omsorgsplan 2015 oppsummerer strategiar med konkrete tiltak fram mot 2015.

Stortingsmelding nr. 29 (2012-13) med tittelen *Morgendagens omsorg* har fylgjande tema:

- Morgendagens omsorg- Innovasjon fram mot 2020
- Morgendagens omsorgstenestebukar- med eit ressursorientert perspektiv
- Morgendagens omsorgsfelleskap- med pårørandeprogram og nasjonal frivilligstrategi

- Morgendagens omsorgsteneste- fagleg omlegging med større vekt på tidlig innsats, kvardagsrehabilitering og nettverksarbeid
- Morgendagens omsorgsomgivelser- program for utvikling og innføring av velferdsteknologi og tiltak for utvikling av framtidens sjukeheim og omsorgsbustad

Samhandlingsreforma mellom primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta er den største utfordringa helsetenesta står overfor i dag.

Reforma peikar spesielt på 3 sentrale utfordringar:

- Pasienten sitt behov for koordinerte tenester
- Auka behov for førebygging og utfordringar knytt til demografisk utvikling
- Endringar i sjukdomsbilde.

Kommunen får nye oppgåver og det er auka krav til samhandling mellom nivåa.

Kommunen har ansvar for medfinansiering ved innlegging i sjukehus og må betale for utskrivingsklare pasientar som vert liggjande i sjukehus å vente på plass i kommunen. Tal innleggingar i sjukehus med medfinansieringsansvar har auka.

Etter innføring av Samhandlingsreforma har det vore ein dramatisk auke i tal innleggingar i Kvam Rehabiliterings- og Behandlingsavdeling, og arbeidsmengda har auka betydeleg. Pasientane er meir krevjande med omsyn til pleie og behandling. Dette gjeld og pasientar som kjem frå sjukehus og tilbake til heimen.

Dersom KRB skal fungere etter intensjonen må mottaksapparatet vera på plass, dvs. at ferdigbehandla pasientar i avdelinga må tildelast anna kommunalt tilbod.

Innsparingane i helse og omsorg har medført at evnen til å løysa oppgåvene i samsvar med politisk vedtekne målsetjingar i Kvam herad, intensjonane i lovverk og inngådde avtalar med Helse Bergen, ikkje let seg gjennomføre tilfredstillande.

Reduksjonen av langtidssenger har medført at me ikkje greier å driva tenesta etter dei same prinsippa lenger. Grunnbemanninga er knapp både i pleie og omsorgstenesta og på Kvam Rehabiliterings- og Behandlingsavdeling og det er ventelister på plass i institusjon og omsorgsbustad. Tal utskrivingsklare pasientar i sjukehus som ventar på plass i kommunen har auka.

Etter 2. tertial 2013 vart det sett i verk fylgjande tiltak på kort sikt for å betra situasjonen:

- Omdefinere bruk av 2 omsorgsbustader til målgruppa eldre
- 2-sengsrom på Kvam Rehabiliterings- og Behandlingsavdeling på inntil 4 pasientrom
- Kjøp av plass frå nabokommunar, spesielt Granvin herad.

Tiltaka er finansiert med ekstramidlar og vert vidareført (med ekstramidlar) i 2014.

Det vert arbeidd med innføring av elektronisk meldingsutveksling mellom pleie og omsorg og legekontora i kommunen og mellom pleie og omsorg og helseforetaket. Elektronisk meldingsutveksling vil effektivisera og kvalitetssikre kommunikasjonen, både internt i kommunen og med sjukehuset.

Det vert arbeidd vidare med samordning av all sakshandsaming i helse og omsorg i avdeling Stab og forvaltning. Nye rutinar og arbeidsfora skal etablerast slik at helse og omsorg får ein god og lik praksis for alle brukarar.

Støttekontaktordninga vert vurdert organisert i avdeling kultur i eining for samfunn og utvikling. Rusarbeid vert organisert saman med psykisk helse i ny avdeling Psykiatri- og rusomsorg.

Dagsentertilbod er ei ikkje lovpålagd oppgåve. Det er likevel sterke statlege føringar for å opprettehalde og vidareutvikle denne tenesta. Eit godt utbygd dagsentertilbod, saman med ei godt utbygd heimeteneste, er avgjerande for at mange eldre kan bu heime sjølv med omfattande hjelpebehov. Dagtilbodet til demente er styrka ved tildelte prosjektmidlar frå helsedirektoratet.

Arbeid med ny helse og omsorgsplan er starta. Tanken er å byggja vidare på dei velfungerande tenestene me har hatt og i tråd med analyse av framtidig behov, befolkningsutvikling og ny teknologi. Samfunnet står overfor krevande omsorgsutfordringar dei neste tiåra knytt til auka tal eldre, nye brukargrupper og knappheit på omsorgspersonell og frivillige omsorgsyttarar. Overordna mål for planarbeidet er å utvikla helse og omsorgstenester av god kvalitet som gjer kommunen i stand til å møte framtidige utfordringar og behov. Det førebyggjande og helsefremjande arbeidet skal vektleggjast i større grad enn tidlegare.

Tema som er omtala i Stortingsmelding nr.29 om Morgendagens omsorg er utgangspunkt for planarbeidet. Planen vil seie noko om innovasjon fram mot 2020, pårørande og frivillig arbeid, større vekt på tidleg innsats, m.a. ved innføring av kvardagsrehabilitering, velferdsteknologi, eit meir ressursorientert brukarperspektiv og korleis vidareutvikle og byggje framtidens sjukeheim og omsorgsbustad.

Den demografiske utviklinga i kommunen har stor betydning for korleis tenestene bør dimensjonast i høve bemanning, kompetanse og bygningsmasse.

Kvam har ein høg andel innbyggjarar 80 år og eldre. Tal frå SSB viser at me i neste tiårsperiode vert fleire i gruppene 70-79 og 90+. Den største utfordringa kjem først ved 2025 då og gruppa 80- 89 aukar.

Rekruttering:

Den største utfordringa for tenesta i åra som kjem er tilgang på nok personell. Gjennom målretta satsing har tenesta i dag relativt god tilgang på m.a. sjukepleiarar, fysioterapeutar og legar. Den største utfordringa pr. dd er knytt til rekruttering av helsefagarbeidarar. Den målretta satsinga må vidareførast og på bakgrunn av nye oppgåver må behovet for ny kompetanse kartleggjast.

Innsparingskrav i 2013 og 2014 kr. 6 mill:

Innsparinga i 2013 er gjennomført slik:

- avvikling av 3 institusjonssenger ved flytting av Firkløveren sjukeheim til Toloheimen (i lokala til gruppe 3 aust) og opning av 6-sengsavdeling på Øysteseheimen, kr. 2,5 mill.
- generell sparing ved å ikkje tilsetje i ledige stillingar og redusert driftsbudsjett, kr. 3 mill.

Eining helse- og omsorg (kommunehelse, helse- og omsorg, sosialtenesta og Nav) har i 2014 eit samla innsparingskrav på kr. 3,5 mill.

Grunnfilosofien i helse- og omsorgstenesta er godt utbygde basistjenester som heimetjeneste, fysioterapi og lege, der brukarane bur. Institusjonstilbodet rettar seg mot brukarar som har behov for omfattande behandling, pleie og tilsyn heile døgnet. Tilbodet i korttidsavdelinga rettar seg mot brukarar som har behov for rehabilitering, behandling og avlastning i ein kort periode og pasientane kjem frå sjukehus eller heimen.

Ved denne måten å organisere tenesta på har Kvam bygd ut ei velfungerande teneste som er kostnadseffektiv samanlikna med andre kommunar. Fleire rapportar viser at me driv 10-15 mill kr. billegare enn samaliknande kommunar.

Heilt sentralt i vår tenesta har vore at me har evna å setja inn tiltak tidleg, både i heim og institusjon og at me har hatt nok langtidsplasser/ omsorgsbustader med heildøgns omsorgstenesta til å ta oss av dei mest hjelpetrengjande.

Me opplever no, tverrfagleg og administrativt, at me er ved eit vendepunkt i denne måten å organisere tenesta på.

Fagleg sett meiner leiargruppa i helse og omsorg at innsparingane medfører at evnen til å løysa oppgåvene ikkje let seg gjennomføre tilfredsstillande. Reduksjonen av langtidsenger har medført at me ikkje greier driva tenestene etter dei same prinsippa lenger og me meiner at ytterlegare innsparing vert kortvarig innsparing.

Grunnbemanninga er pressa, det er ventelister på langtids plass og omsorgsbustad, og tenesta har fleire utskrivingsklare døgn i sjukehus enn tidlegare. Det er sett i verk tiltak på kort sikt (finansiert med ekstramidlar) for å betra situasjonen (2-sengsrom, kjøp av plass i andre kommunar).

I arbeidet med helse og omsorgsplan vil me starte med å kartleggje dagens situasjon og avdekke kva utfordringar kommunen står overfor på kort og lang sikt. Arbeidet skal munne ut i ein plan som klargjer kommunen sine prioriteringar framover, både m.o.t kapasitetsauke og utbyggingsbehov.

Det er i budsjett 2014 ikkje lagt inn konkrete forslag om kvar innsparinga kan gjennomførast. Praksis om å kritisk vurdere om ledige stillingar kan stå vakante vert vidareført.

Målsetjingar:

Tenesta har som overordna mål å leggja til rette for at flest mogleg kan bu heime lengst mogleg.

Grunnfilosofien i tenesta er godt utbygde basistjenester (heimetjeneste, fysioterapi og legetjeneste) der brukarane bur. Institusjonstilbodet rettar seg mot brukarar som har behov for omfattande behandling, pleie og tilsyn heile døgnet.

Politisk vedtekne målsetjingar har vore styrande for utvikling og organisering, og hovedmålsetjinga om ei *fleksibel* og *styrka* heimetjeneste og eit «*spissa*» institusjonstilbod er nådd («spissa» institusjonstilbod vil seie at me tek oss av dei mest behandlingskrevjande på ein stad i kommunen).

Målsetjingar i lov og forskrift er styrande for kva oppgåver eining helse og omsorg har ansvar for. Nytt lovverk gir mellom anna retning for auka fokus på tidleg innsats.

Det er utarbeidd politisk godkjende tenesteavtalar mellom helseføretak og kommunane på 12 ulike område.

Tenesteavtalane må gjerast kjende for alle tilsette og er styrande for korleis kommunane og helseføretaket skal samarbeide.

3.7 Sosialteneste og NAV

Sosialteneste og NAV					
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Opphav. Bud 2013	Just bud 2013	Bud 2014	Endring 2013/2014
242 Rådgjeving, rettleiing og sosialt føreb. arbeid	4 284	5 226	4 804	5 779	974
243 Tilbod til personar med rusproblem	-26	770	753	458	-295
273 Arbeidsretta tiltak i kommunal regi	4 500	4 163	4 073	4 255	182
275 Introduksjonsordning	5 477	5 974	5 935	5 637	-298
276 Kvalifiseringsordninga	1 946	2 114	2 114	2 115	1
281 Økonomisk sosialhjelp	7 992	4 818	4 818	4 848	30
285 Tenester utanfor kommunalt ansvarsområde	69	-15	-21	-3	18
Sosialteneste og NAV	24 242	23 049	22 475	23 088	613

Forklaring til endringar i budsjett 2014:

Kostnader med kjøp av plassar til arbeidsretta tiltak aukar med 0,3 mill. kr. grunna prisauke og innføring av heile og halve plassar. Budsjettnivået til introduksjonsordning, kvalifiseringsordning og økonomisk sosialhjelp ligg uendra i 2014.

Status:

Oppgåvene i NAV- kontoret er rusomsorg, flyktning- omsorg og økonomisk sosialhjelp:

- rådgjeving og økonomisk stønad- kvalifiseringsprogram
- rusførebyggjande arbeid, særlege tiltak for rusavhengige, både behandling og ettervern, inkl. LAR- oppfølging
- butilbod til bustadslause
- individuell samtale og oppfølging
- gjeldsrådgjeving
- formidling av Husbankenestener
- busetjing og oppfølging av flyktningar

Kvam buset 15 flyktningar i året i tråd med heradstyrevedtak.

Arbeidsgjevarar i Kvam er positive når det gjeld å få arbeidspraksis- og språkpraksisplassar.

Det er pr. dd ikkje registrert bustadslause i Kvam.

Kvam har i 3 år motteke prosjektmidlar i høve barnefattigdom. Tiltak som vert støtta med prosjektmidlar vert vurdert i tverrfagleg gruppe med representantar frå NAV, oppvekst og helse.

Aktuelle tiltak har vore språkopplæring, utstyr i skule og kulturskule, støtte til diverse lag og organisasjonar med mål om å gje barn høve til å delta i aktivitetar. Det er signal om at ordninga med barnefattigdomsmidlar til kommunane vert vidareført og er lagt inn i budsjett 2014.

Utfordringar:

Tidleg og målretta oppfølging vil gje positive resultat for enkeltmenneske og vil også vera samfunnsøkonomisk. Det er også viktig å ha ein arbeidsmarknad som har plass til alle.

Nav- kontoret har i 2013 vore underbemanna grunna ledige stillingar og langtidsfråvær.

I budsjett 2013 vart det gjort vedtak om at det skal setjast vilkår om aktivitet for sosialhjelp. Det er oppretta ei arbeidsgruppe som vurderer ulike alternative tiltak. NAV ynskjer mellom anna å etablera prosjekt « Muligheten» etter mal frå Fjell kommune.

Kvam herad har busett 15 flyktningar i året i tråd med politisk vedtak. Erfaringa er at fleire av dei som vart busette i 2012 fekk innvilga familie-gjenforening i 2013. Nav- kontoret har i 2013 difor busett 34 flyktningar, inkl. familie-gjenforening. Dei ulike tenestene i Kvam herad er ikkje dimensjonert for denne auken. Det er ei stor utfordring både for barnehage, skule, helse og Nav- kontoret å finna gode løysingar i denne situasjonane.

Den største utfordringa Nav har knytt til flyktningearbeidet er å skaffa eigna bustader til dei som kjem. Praksis så langt har vore utleige i kommunale husvære og framleige i private husvære. Nav- kontoret ynskjer alternative ordningar for busetjing. Dette vert vurdert i helse og omsorgsplan-, integreringsplan- og bustadplanarbeidet.

Målsetjing for perioden:

Mål om fleire i kvalifisering for arbeid og aktivitet med sjølvstendig inntekt, dermed reduserte sosialhjelpsutgifter og færre på stønad.

Busetjing av flyktningar i tråd med oppmodingsbrev frå IMDI (15 pr år 2012-2014).

Arbeida vidare med fattigdomsprosjekt.

3.8 Barnevern

Barnevern					
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Opphav. Bud 2013	Just bud 2013	Bud 2014	Endring 2013/2014
244 Barnevernteneste	4 827	4 137	4 210	5 381	1 172
251 Barneverntiltak når barnet ikkje er plassert av barneverne	3 301	3 405	3 057	2 807	-250
252 Barneverntiltak når barnet er plassert av barnevernet	6 819	9 251	9 228	8 573	-655
Barnevern	14 947	16 793	16 495	16 762	266

Forklaring til endringar i budsjett 2014:

Auken i funksjon 244 Barneverntenester, kjem av intern overføring av 1 årsverk frå funksjon 251 og 0,7 årsverk frå funksjon 233. I tillegg er juridisk bistand auka med 0,25 mill.kr i samband med fylkesnemndsaker.

Funksjon 251 har i tillegg til overføring til andre funksjonar, ein liten nedgang i hjelpetiltak.

Reduksjonen i funksjon 252 kjem av redusert forsterheimsgodtgjersle på 0,2 mill.kr og reduksjon i ulike hjelpetiltak.

Status:

Totalt aktive saker i barneverntenesta er 114 pr.1.10.2013, mot 135 i same tidsrom i 2012. Talet på barn i barneverntenesta har vore mellom 120-140 dei siste åra. Det er ein stor auke i antal barn under omsorg. I 2010 hadde kommunen omsorg for 4 mot 16 stk i 2012 og 19 i 2013.

01.01.2012 vart det oppretta barnevernvakt ordning. Denne vaktordninga vart avvikla 01.01.13 i tråd med innsparingane som vart vedtekne i økonomiplanen 2013-2016

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med barnevernet knytt til oppfølging av plasserte barn i fosterheimar. Tilsynet avdekkar ingen avvik.

I tillegg til dette har kontrollutvalget hyra Deloitte til å gjennomført forvaltningsrevisjon av barneverntenesten.

Forvaltningsrevisjonen konkluderer med 15 punkt til forbedring. Oppsummert handlar punktene om; behov for meir skriftleggjering av rutinar og vurdering av behov for nye/endra rutinar, Informasjon ut til samarbeidspartar må setjast i system og kommunen bør vurdere behov for samarbeidet med andre kommunar.

Fleire av punkta som forvaltningsrevisjonen kjem med tilrådingar på er allereie endra på som følgje av den omorganiseringssprosessen barneverntenesta vart midt oppi under forvaltningsrevisjon. Barneverntenesta har ei tid prøvd å ut å jobba etter ein spesialistmodell, men har sett at kontoret er for lite og sårbart og vel å gå tilbake til generalist modell der sakshandsamarane følg saka heile vegen. Forvaltningsrevisjonen trekkjer også fram at den dreinga som barneverntenesta held på med, å endre fokus frå kompenserande tiltak til å retta fokuset mot endringstiltak er i tråd med føringane som er gitt av departementet i høyringsutkast til endringar i barnvernlova.

Kommunen ser på rapporten som eit verktøy i det vidare arbeidet med å utvikla barnevernet i Kvam herad i ei god retning, og rapporten kan gje hjelp i ein travel kvardag til å prioritera kvar behovet for endring er størst i fyrste omgang.

I 2013 har barneverntenesta vore med i KS evalueringsnettverk – som har sett fokus på systematisk evaluering av hjelpetiltak med basis i tiltaksplanane for å bidra til at det einskilde barn/ungdom og familie får adekvat hjelp så tidleg som mogleg.

Barnevernet ligg om lag 7 mill over normert utgiftsbehov. Jfr. kostrarapport. Kostnadsdrivar i barnevernet er tal barn under omsorg, og barn og familiar som mottek frivillige hjelpetiltak både i familien og som frivillig fosterheim plassering eller institusjonsplass.

Noko av årsaka til at Kvam ligg høgt er satsinga på familiesenteret, vidare har Kvam fleire barn som mottek tiltak frå barnevernet enn gjennomsnittet, og fleire av undersøkingane resulterer i tiltak. Det kan vera fleire forklaringar på dette, kanskje gjev barnevernet for mange tiltak eller at barnevernet kjem for seint inn, og må setja i verk fleire omfattande tiltak når dei først kjem inn. Dette er noko vi vil analysere nærare i 2014.

Utekontakten(1,5 stilling) er organisert under barneverntenesta og jobbar førebyggjande inn mot barn og unge i kommunen. Dei driv mellom anna jentegrupper ilag med helsesøster på 9 trinn, gjennomfører rusførebyggjande program To do or not to do, har fast trefftid på ungdomsskulane og nokre av dei vidaregåande skulane i kommunen, har opningstid på Ungdomsbasen, driv oppsøkjande arbeid i ungdomsmiljøet og tilbyr samtalar til ungdom som treng ein vaksen å snakka med for å nevna noko.

Utfordringar

Det vil i åra som kjem truleg bli eit behov for auka kompetanse i barneverntenesta. Fleire nasjonale evalueringsrapportar i 2011 konkluderer med behov for auka kompetanse i barnevernet. Dette er kostnadskrevjande. Det er også ei utfordring å behalda godt kvalifiserte personar og å få høgt utdanna personar til å søkje jobb i barneverntenesta.

Å ha mange barn under omsorg er krevjande både fagleg og økonomisk. Talet på barn under omsorg har vore jamt stigande frå 2010 og fram til no. Dette er svært arbeidskrevjande og mykje sakshandsamingsressursar må prioriterast til dette arbeidet. Det er også kostnadskrevjande for kommunen mange år fram i tid då mange av barna kommunen har under omsorg er små barn i barnehage og småskulealder.

Kvam Herad må i åra framover i større grad ta på alvor det store ansvaret som barnevernlova legg på barneverntenesta til å driva førebyggjande arbeid. Dette må sjåast i samanheng med etablering av KFL

Som følge av forslag til endringar i barnevernslova vil kommunane vil truleg i åra framover få fleire oppgåver overført frå det statlege barnevernet. Det kommunale barnevernet er nærare barna og vil i større grad kunne vurdere kva behov det enkelte barn har. På sikt må kanskje kommunar som ligg i nærleiken av kvarandre vurdere meir interkommunalt samarbeid for å sikra gode barneverntjenester med høg fagleg kompetanse?

Utekontakttenesta er foreslått kutta i 2014. Konsekvensane av eit slikt kutt er at spesielt ungdomane i Kvam herad får ei redusert tenestetilbod. Det førebyggjande arbeidet knytt til denne aldersgruppa vert redusert og fleire tiltak som idag vert flittig brukt av ungdomane vert fjerna. Dette gjeld mellom anna rusførebyggjande og fast trefftid på skulen og jentegruppene på 9.trinn vert kutta. Det er spesielt tiltak som rettar seg direkte mot ungdomsmiljøet på ettermiddag og kveldstid som oppsøkjande arbeid og opningstid på ungdomsbasen som vert skadelidane ved å kutte utekontakttenesta.

Målsetjing for perioden:

Barneverntenesta har i 2013 delteke i KS sitt effektiviseringsnettverk. Noko me ynskjer svar på er om heradet kan driva barnevernet meir kostnadseffektivt og samstundes oppnå betre resultat? Barnevernet må også jobba med å oppnå meir effektiv drift jfr Kostra rapporten.

Det er eit mål å dreia barnevernet si jobbing frå fokus på kompenserande og økonomiske tiltak og over til fokus på endringsarbeid. Dette er å tråd med høyringsutkastet til endring i barnevernlova. Det er presisert i lovteksten av hjelpetiltak skal ha som formål å bidra til positiv endring hos barnet og familien.

Kompetanseheving i barneverntenesta må skje i tråd med kompetansehevingsplanen og i samsvar med dei føringane som Fylkesmannen har gjeve for bruk av kompetansehevings midlane.

Barneverntenesta må sikra at tenesta har gode nok system og rutiner for sakshandsaming.

Det er ei målsetjing å i større grad ha fokus på det førebyggjande arbeidet i samarbeid med andre hjelpetenester i kommunen og jobbar meir tverrfagleg.

Det blir viktig å vurdere korleis barnevernet og Kvam familie og læringssenter kan ivareta lovkrav i barnevernlova om å sikra barn og unge gode oppvekstvilkår. Ved kutt i utekontakttenesten må Kvam familie og læringssenter raskt vurdere kva tilbod kommunen kan gje ungdomsgruppa.

Kvam herad må vurdere om det kan vera behov for å inngå samarbeid med andre kommunar knytt til barnevernsfeltet jfr forvaltningsrevisjonen

3.9 Bustader

Bustader					
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Opphav. Bud 2013	Just bud 2013	Bud 2014	Endring 2013/2014
265 <i>Kommunalt disponerte bustader</i>	-8 436	-8 403	-8 615	-8 824	-209
283 <i>Bistand til etabl. av eigen bustad</i>	1 085	1 201	451	701	250
315 <i>Bustadbyggjing og fysiske bumiljøtiltak</i>	-315	301	288	262	-25
Bustader	-7 666	-6 902	-7 876	-7 861	15

Forklaring til endringar i budsjett 2014:

Inntektene på utleige aukar i høve 2013 for kommunalt disponerte bustader.

Låneutgiftene til Husbanken sine startlån aukar meir enn kommunen tek inn frå låntakarane.

Status:

Sjølve rammeområdet «Bustader» omfattar utleige av kommunen sine husvære (inkl. t.d. omsorgsbustader), og vidare utleige av husvære som kommunen skaffar til for eksempel flyktningar (tema 265). Tema 283 er formidling av Husbanklån til innbyggjarane i Kvam. 315 er nytta til ei geologstilling som kommunen får delfinansiert av andre kommunar.

Utfordringar:

Kvam herad skaffar bustadar til ein del som har vanskar med å gjera dette sjølv, og som har utfordringar med buevne. Det medfører høge utgifter til drift og vedlikehald.

For å skaffa bustader til flyktningar inngjekk Kvam herad ei rekkje framleigeavtalar for nokre år tilbake. Avtalane har vore svært utfordrande for kommunen, bl.a. som følgje av urealistiske forventningar til at kommunen skulle overta huseigaroppgåver. Kommunen er i ferd med å avslutta avtalane. Arbeid med den komande bustadplanen vert svært viktig for utvikling av tema i planperioden.

Eit av framlegga til tiltak, er å investera i 2 robuste moduleiningar som eit forsøk for å møta utfordringane med låg buevne, og få erfaringsgrunnlag til bustadplanen.

Målsetjing for perioden:

Oppfølging av menneske med låg buevne.

Avvikla framleigeavtalar.

Framlegg til tiltak: investering i 2 robuste modulbygg

3.10 Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø

Plan					
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Opphav. Bud 2013	Just bud 2013	Bud 2014	Endring 2013/2014
300 Fysisk tilrettelegging og planlegging	0	133	133	133	0
301 Plansaksbehandling	3 615	3 380	3 542	3 533	-9
302 Byggje-, delings- og seksjoneringsaker	232	-129	-330	-349	-19
303 Kart og oppmåling	960	1 300	1 264	918	-346
Plan	4 808	4 682	4 608	4 234	-374

Forklaring til endringer i budsjett 2014:

I budsjett 2013 låg det ein vakant 50% stilling. Denne stillinga er fortsatt vakant, men tatt ut av budsjett 2014 som eit av innsparingstiltaka.

Status:

Planarbeid

Det er første året med ei felles planavdeling, der offentlege planar og private planar er samla i samme avdeling. Felles bruk av ressursar gjev først og fremst positive effektar, med eit godt fagleg miljø, betre utnytting av ressursane og ei meir heilskapleg oversikt og kunnskap. Det negative er at tidsfristar på private planar må prioriterast framfor framdrift på offentlege planar uten fristar. Samla sett har det vore eit svært nyttig grep.

Planprogrammet for kommuneplanen sin areal- og samfunnsdel vart vedtatt av heradsstyret den 16.06.2013. Samstundes vart det kunngjort oppstart av kommuneplanen. Høyringsfristen var 30.09.2013, med svært god respons på arealdelen, og mindre engasjement rundt samfunnsdelen. Det er såleis mange gode idéar og grunnlagsmateriale å byggja vidare på.

Kommunen er også godt i gang med kommunedelplan for næring og kompetanse, bustadplan og helse og omsorgsplan. Planprogramma for dei to førstnemnde planane er vedtatt av heradsstyret. Gjennomføringa er i samsvar med kommunen sin eigen planstrategi.

Bustadplanen skal syta for presise strategiar slik at kommunen er godt rusta til å møta den forventaste etterspurnaden etter bustader i heile kommunen.

I bustadplanen vil eit sentralt tema vera kommunen sin rolle ved planlegging, gjennomføring og utbygging av nye bustadfelt. I dei fleste høve vil Kvam herad setja rekkjefylgjekrav, der utbyggjar sjølv må stå for utbygging og gjennomføring, og ikkje belasta kommunen sine ressursar. På Sandven gjeld kommunedelplanen frå 2003, her har det vore ulik/uklar praksis på krav til gjennomføring av felles infrastruktur. I budsjettet for 2014 er det føreslått 3 mill kroner til politisk handsaming for å vera med og bidra til opparbeiding av Gamle Sandvenvegen, slik at vegen vert betre og gjev moglegheiter for vidare utbygging av sentrumsnære tomter.

Kvam herad har det siste året vore utan driftsmidlar til ekstern hjelp til eigne planar og analysar. I 2014 og 2015 er det svært mange offentlege planoppgåver som skal løysast. Driftsmidlar til ekstern hjelp kan vera nødvendig, for å halda framdrifta på det omfattande arbeidet som kommunen no er inne i. Det er føreslått å nytta 05,- mill i 2014 og 0,5 mill i 2015.

Byggesak og geodata

På byggesak og geodata er god service til kundane, og til andre fagetatar i administrasjonen alltid i fokus. Avdelinga yter høg kvalitet og har fokus på å halde alle lovfesta tidsfristar, for å unngå unngå gebyrfråfall i bygge-, delings-, seksjonerings-, oppmålings og matrikkuleringssaker. Avdelinga arbeider også for å halde saksbehandlingstida på dispensasjonssaker til 5 mnd. Byggesak og geodata er no ajour med alle byggesaker, og vil i løpet av februar 2014 igjen kunne handsama dispensasjonssaker etter oppsett frist.

Avdelinga er opptatt av å oppretthalde nødvendige kompetanse i administrasjonen, og akkurat no er avdelinga opptatt av å vidareføre funksjonane knytt til geodata-stillinga (geodataansvarleg).

Geodataansvarleg har fagansvar for geodata-avdelinga internt i teknisk eining, men og ansvar for drift av GIS/kart nytta av andre i administrasjonen (byggesak, plan, brann og redning, VA, veg, park, økonomi). Geodataansvarleg driftar dataprogram og tilrettelegg kart/register data, som sikrar ein effektiv planlegging og sakshandsaming på plan, byggesak, geodata, VA.

Geodata har også ansvaret for at det er «dagsferske» kartdata på internett 24 t døgnet, at det er mogleg å bestille digitale kart via INFOland m/automatisk leveranse til kundane.

I høve til tilsyn i 2013 så ligg me bak skjema med omsyn til tilsyn. Tilsynsarbeidet i byggesaker i Kvam herad vert eit prioriteringsområde i 2014.

Utfordringar:

Planarbeid

Revisjon av både kommuneplanen sin samfunns- og arealdel er ein krevjande prosess på fleire måtar, først og fremst på kontinuitet på arbeidet. Det er ofte slik at daglege gjeremål, med korte fristar og ynskje om rask framdrift, vert prioritert framfor lange og tyngre planprosessar. Utfordringa i 2014 vert få prioritert dei tunge planoppgåvene innafor oppsett framdriftsplan, framfor meir daglege gjeremål.

Det er også ei utfordring å ta inn nye store offentlege planar som ikkje er ein del av planstrategien heller kommunen sine årlege budsjett og økonomiplanar.

Kommunedelplan for Kvamskogen vart vedtatt i 2011, med rekkjefylgjekrav for bygging av mellom anna gang- og sykkelveg, og skibruer. Nye planar på Kvamskogen vil ikkje verta gjennomført utan av kravet om opparbeiding av gang- og sykkelveg, inklusiv bru er gjennomført for strekkja mellom NAFen og Ungdomsheimen i 2014. Samstundes som det skal vera ferdig regulert på dei resterande strekningane. Dette vert ei stor utfordring for vidare aktivitet og utvikling på Kvamskogen

Ålvik sentrum:

Kommunen sette i gang arbeidet med reguleringsplan for sentrum av Ålvik i 2008. Ny plan er klar, men manglar oppretting av nye føresegner. Planen må ut på ny høyring i 2014.

Håfjellstunnel og Fykse til Steinstø:

To reguleringsplanar som vart starta opp hausten 2011. Ny tunnel i frå Øystese til Fykseund er hovudinnhaldet i den eine planen. Planen for Håfjellstunnelen vert lagt fram til offentlig ettersyn tidleg vår 2014. Arbeidet er finansiert via eige prosjekt. Strekkja mellom Fykseund bru og Steinstø er ikkje fullfinansiert og krev meir midlar til geotekniske undersøkingar.

Reguleringsplan for Laupsa:

Privat plan med offentlege interesser i høve til friområde. Nytt planforslag er lagt fram i frå planleggar, må vurderast av Fylkesmannen om dei vil trekkja motsegnene på grunnlag av ny plan.

Reguleringsplan for RV 7 Øystese - Laupsa/Skarpasvingen.:

Planen er ein del av arbeidet med Kvammapakken. Planen tek for seg vegutbetring og gang- og sykkelveg frå Øystese til Laupsa, samt utbygging av 84 husvære på Stronde. Planen er delt i to, i frå Øystese og til Laupsa er planen vedtatt. Strekkja mellom Laupsa og Skarpasvingen, her må det avklarast i høve til kulturminne med fylkeskommunen og Riksantikvaren. Planen vert finansiert via Kvammapakken.

Reguleringsplan for Grustaket -Busdalen:

Reguleringsplan for nytt næringsareal i Øystese. Omfattar, nytt næringsareal, veg til Tolomarka, framtidig bruk av Busdalen med meir. Planen er finansiert via næringsfondet, og det vert søkt om kompensasjonsmidlar.

Reguleringsplan for RV 7 frå Nes til Skipadalen (gjeld i frå Rema 1000 til profil 650):

Planen tek primært for seg ny køyreveg, gang og sykkelveg frå Nes til Rema 1000. Planen vart lagt ut på ny høyring i 2012. Det har vore arbeidt med å finna løysingar ved gamle leidangsnaustet i Skipadalen. Dette er løyst, og planen vert lagt fram til endeleg vedtak i desember 2013. Planen vert finansiert via Kvammapakken.

Straumbrua - Tolo småbåthamn:

Plan for bustadbygging sentralt i Norheimsund. Det står att ei motsegn, før planen kan leggjast ut til ny høyring. Vert finansiert via prosjektmidlar.

Ny ferjekai i Tørvikbygd og kryss til Heradstveit:

Ny ferjekai i samband med opprusting av ferjesambandet mellom Jondal og Tørvikbygd, for å ta i mot trafikken i frå Jondalstunnelen. Planen har vore på høyring og Hordaland fylkeskommune ber om ny plan, med eit mindre omfang av kaianlegget. Ekstern finansiering via Statens vegvesen.

Arbeidet må delast i to planar, slik at krysset til Heradstveit kan verta løyst, før det vert semje om korleis ferjekaien skal planleggjast og opparbeidast. Ferdiggjering av krysset kan gjerast via eigen innsats og driftsmidlar

Lingaparsellen:

Planen er ein del av Kvammapakken. Planen vart delt i to, med endeleg vedtak i grensa mellom gnr 101 bnr 2 og gnr 101 bnr 1. Heradsstyret har bede om at del 2 av parsellen vert lagt fram til ny høyring hausten . Dette arbeidet er ikkje gjennomført, og må finansierast via egne diftsmidlar.

Mundheim.

Ny ballplass. Etter at skulen er overtatt av private, skal skuleplassen erstattast med nytt leikeareal i sentrum. Planen har vore kunngjort og Fylkesmannen vurderer å fremje motsegn til planen. Arbeidet har stoppa opp etter dette, må evt gjera ferdig planen via midlar frå sal av skulen.

Reguleringsplan for gang og sykkelveg mellom Ungdomsheimen og NAF på Kvamskogen:

Planarbeidet har starta opp, og har vore ute på høyring. Gjeld utbetring av Fv- 7 og gang- og sykkelveg mellom NAF'en og Ungdomsheimen. Arbeidet vert finansiert via Kvammapakken.

Private reguleringsplanar som kan verta handsama i 2014 om dei vert ferdige i løpet av året ikkje uttømande:

- reguleringsplan for Haukeli- masseuttak
- reguleringsplan for Vikøyevjo –privat idrettshall og offentleg område parkområde
- reguleringsplan for Vetlevasshaugen –hytteplan på Kvamskogen
- reguleringsplan for Damvegen i Ålvik –veg til fjells

Byggesak og geodata

Adresseprosjektet skal mellom få på plass 2000 nye adresser på Kvamskogen, det krev ca 1,2 årsverk, samt kostnader til skilt. Dette bør knytast opp i mot geodatastillingen innan for eininga. Det er ei utfordring å få dette til med dei ressursane ein har tilgjengeleg i 2014.

Pga mange gamle reguleringsplanar med låg utnyttingsgrad, oppstår det mange dispensasjonssøknader. Dette tek mykje ressursar og me har kome på etterskot med tilsyn. Utfordring er å handtera både dispensasjonsaker, byggesaker og tilsyn innafor dei ressursane som er tilgjengeleg, utan at dette går ut over kvaliteten på tenestene vår i forhold til lovfesta tidsfristar , byggkvalitet m.m.

Målsetjing for perioden:

Planarbeid

Gjennomføra arbeidet med kommune- og kommunedelplanar i samsvar med kommunen sin planstrategi og oppsette framdriftsplanar.

Få private og offentlege planar raskare fram til endeleg vedtak i heradsstyret og arbeida for endå betre service til innbyggjarane i Kvam.

Byggesak og geodata

Oppretthalde nødvendig fagkompetansen og eit godt arbeidsmiljø.

Haldelovfesta tidsfristar og yte god service i samsvar med serviceerklæringa

3.11 Næringsstøtte og kommunal forretningsdrift

Næringsstøtte og komm. forretningsdrift					
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Opphav. Bud 2013	Just bud 2013	Bud 2014	Endring 2013/2014
320 Kommunal næringsverksemd	-11 691	-17 856	-17 868	-18 129	-261
325 Tilrettelegging og stønad for næringslivet	5 056	3 088	2 783	3 257	474
329 Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutv	1 389	671	658	502	-156
360 Naturforvaltning og friluftsliv	585	344	444	157	-287
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	-4 662	-13 753	-13 983	-14 213	-230

Forklaring til endringar i budsjett 2014:

Kommunal næringsverksemd gjeld både utleige av næringsbygg og inntekter frå kraftsal. Endringar mellom tenester og rammeområde er årsak til avvika mellom budsjett 2013 og budsjett 2014.

Status:

Næring

Næringslivet i Kvam har generelt hatt gode år den seinare tida. No er både Elkem Bjølvfossen og Fjellstrand i full drift. Kvammapakken og store offentlege og private utbyggingar held entreprenørbransjen i drift og god kjøpekraft hjå folk flest gjer at det er godt å bu og leva i Kvam. Det er likevel for lite nyetableringar om ein samanliknar med andre område i Noreg. I Kvam har me ein tradisjonell næringsstruktur som kan gje oss ekstra utfordringar dei neste åra. Å utvikla kommunen som eit attraktiv område for etablering og vidareutvikling av eksisterande næringsliv er viktig.

Kommunen må ha ressursar for medverknad til infrastrukturtiltak som vegar og næringsområde.

I budsjettet for 2014 er det føreslått at næringsfondet kan nyttast til opparbeiding og tilrettelegging av næringsarealet i Sandvenhagen, der reguleringsplanen er vedtatt og arealet er innløyst. Det som står att er rekkjefylgjekravet om oppstramming av kryss, geotekniske undersøkingar, opparbeiding av arealet og krav om støyskjerming når området vert tatt meir aktivt i bruk.

Faste tilskot til Hardanger fartøyvernsenter, Reisemål Hardangerfjord m.fl. vert tatt rett i frå drifta på næringsavdelinga, der er difor mogleg med aktiv tilrettelegging og næringsutvikling via næringsfondet, om tiltaket vert prioritert. Opparbeidinga er omtalt som tre ulike prosjekt, men heng i prinsippet svært tett saman, då arbeidet med støyskjerming er eit krav som kjem når området vert tatt meir aktivt i bruk.

Kvam herad har vore ein føregangskommune innafor koplinga mellom natur, kunst, kultur og næringsutvikling. Tilrettelegginga av Steinsdalsfossen er ein del av dette arbeidet som har gjeve synlege resultat, i den samanheng er det lagt opp til ei storstilt opning av prosjektet i Steinsdalsfossen. Opninga er eit samarbeid i mellom Statens vegesen, Hardanger 2014 med fleire. Det er føreslått å nytta 100.000,- ifrå næringsfondet.

Næringsavdelinga har hatt ansvaret for prosjektet "Flytt til Hardanger". Sidan fyrste halvår 2008 har ein klart å snu flyttestraumen til Kvam og auken har vore nesten 350 nye innbyggjarar. Svært mange er tilflyttarar frå utlandet.

Oversikt over faste tilskot

Diverse	Diverse (T)	Budsjett 2014	Budsjett 2013	Endring Frå 2013
N001	Reisemål Hardangerfjord AS	460 000	450 000	10 000
N002	Hardangerrådet	560 000	480 000	80 000
N003	Hardanger Fartøyvernssenter	495 000	480 000	15 000
N006	Lokalt reiseliv (turistinformasjon)	435 000	310 000	115 000
N008	Harding Puls	80 000	80 000	0
N011	Skyssbåt Botnen		38 000	-38 000
N021	Internasjonalt arbeid	85 000	86 000	-1 000
	Næringsstøtte, til disposisjon	350 000	350 000	0
Totalt		2 465 000	2 274 000	191 500

Landbruk

- Innan landbruket i Kvam har det vore store strukturelle endringar. Mange små einingar er lagt ned og andre er vorte større slik at produksjonen samla sett er oppretthalden. Kvam har mange og flinke aktørar innan landbrukstilknytta næringar, som inn på tunet, gardsmat, bygdeturisme, hyttebygging og anna reiseliv.
- Gardskartprosessen er ferdig. Dette var eit stort arbeid som kvalitetssikra arealopplysningane for alle dei 600 landbrukseigedomane i Kvam.
- Det vert arbeidd vidare med samarbeid på enkelte fagfelt med dei andre Hardangerkommunane, særleg på skogsida vil dette vera aktuelt.

Kraft

Kvam herad disponerer i dag 167,5 GWh, av dette er 106,6 GWh heimfallskraft frå Bjølvfossen og 60,9 GWh konsesjonskraft frå alle reguleringane i Kvam herad. Det meste av krafta vert seld på den opne marknaden (spot-pris), men ein del vert også seld med bindingstid.

I 2014 rekar heradet med ein gjennomsnittspris på 30,1 øre/KWh, mot 31,0 øre/KWh i 2013. Prisen for 2014 er usikker og vil variera med nedbør lokalt og nasjonalt, og med kol-prisar og CO₂-prisar i Europa.

Kvam herad gjev kvart år uttale til nye småkraftverk.

Alkohol og servering

Alkohol og servering- tidlegare skjenkekontrollen er i dag ein del av eining for samfunn og utvikling ,og lokalisert på rådhuset. Avdelingen har i dag fire fast tilsette, som gjennomfører kontroll i alle dei elleve medlemskommunane, Eidfjord, Odda, Voss, Granvin. Ullensvang, Vaksdal, Kvam, Jondal, Fusa, Samnanger og Ulvik.

Alkohol og servering gjennomfører sakshandsaming for Kvam og rådgjev dei andre kommunane i samarbeidet.

I området som er omfatta av samarbeidet er det 200 løyve som skal kontrollerast, 70 skjenkestader og 130 butikkar. Butikkane vert kontrollert på dagtid og skjenkestadane vert kontrollert i helgane og om kveldane.

Skjenkekontrollen driv jamleg med kurs og opplæring i kommunane.

Utfordringar:

Næring

- Ei hovudutfordring er å sikra generasjonsskifte og vidare drift av landbruksareal. Det må difor stimulerast til satsing og omstilling i landbruket, gjerne via samarbeidsløysingar.
- Ei hovudutfordring er å skaffa nok hus til dei som flyttar til Kvam.

Kompensasjonsordninga for arbeidsgjevaravgift

- Kvam er omfatta av ordninga med kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift og
- Kvam sin del var om lag 5 mill. kr i 2013.
- Det er bedriftene som bidreg til ordninga som prioriterar dei lokale tiltaka.
- Kvam næringsråd er sekretariat

Kommunedelplan for næring og kompetanse

- Kvam herad har starta arbeidet med ny kommunedelplan for næring og kompetanse. Arbeidet skjer i nært samarbeid med Kvam næringsråd og Geoplan ved Solveig Valland som innleigd konsulent. Arbeidet skal vera ferdig i 2014
- Ein ny næringsplan vil vera eit strategisk verktøy for å nå desse måla. Det er personar og bedrifter som skapar nye arbeidsplasser, men kommunen må vera ein medspelar i prosessane og syta for at næringslivet har gode rammevilkår.

Næringshage

- Miljøet ved Kvam Fruktlager har delteke i arbeidet med å skipa ein næringshage for heile Hardanger. Dei andre miljøa er i Odda og Eidfjord. Målet er å verta godkjent som ein næringshage i SIVA – systemet.

Næringsareal

- Kvam er nesten utan opparbeidd næringsareal i sentrale område. Opparbeiding av Sandvenhagen – Mo er eit viktig tiltak, og det må setjast av budsjettmidlar som gjer at områda vert tilgjengelege.
- Busdalen – det er starta regulering av Busdalen som kan gje nytt næringsareal i tilknytning til grustaket. Arbeidet omfattar og ny veg til Tolomarka.
- Bakkamarka – Hardanger Fiskeforedling A/S har teke initiativ til ny regulering av næringsområdet på Bakka.

Omstilling og nyetablering

- Omstillingsarbeidet i Ålvik er avslutta, men trongen for endringar i kommunen er framleis stor. Utfordringa kan like gjerne verta tilgang på folk, som nyskaping av arbeidsplassar.
- Kvam herad må vidareføra arbeidet med etablerarkurs og elevbedrifter
- Kommunen må og skapa grunnlag for nye arbeidsplassar – mangfald - store og små

Kulturbasert næring - reiseliv:

- Området rundt Steinsdalsfossen vert no opprusta som ein del av turistvegsatsinga og arbeidet skal vera ferdig i mai 2014
- Thon hotel Sandven er ferdig utbygt og vil vera ein viktig aktør i reiselivet i Kvam
- Det er prosjektering i gang for det nye Hardangerbadet i tilknytning til Hardangerfjord hotel.
- Opplevingsaktivitetar – kopling mot næring/turisme:

- o betre utnytting av friluft/natur ressursar, gjennom tilrettelegging av guida opplevingar i nærmiljøa/heradet.
- o opparbeiding av betre turkart (fleire typar).
- o opparbeiding av og etablering av gamle/nye turstiar.
- o samarbeid mellom idrettslag/org. og turistnæringa.

Internasjonal satsing:

- Næringsavdelinga har hatt ansvaret for det internasjonale arbeidet som vennskapskommunen Marijampole, Vest-norsk Brusselkontor og det nye samarbeidet som Hardanger har med Greve i Toscana

Kraft

I 2014 ville Kvam herad fått 12,3 mill kr i inntekt dersom heradet slapp å betala grunnrente. Med grunnrente vert inntekta 6,8 mill kr, dvs eit tap på 5,5 mill kr. Kvam herad med fleire har gått til rettsak mot staten for å sleppa betala grunnrente. Saka kjem opp for Oslo Tingrett i 2014, utfallet er usikkert.

Følgja opp lovverk knytt til kraftverk og forvalta herade sine retta på best mogeleg måte.

Alkohol og servering

Utfordringa til er få kontrollert nok og representativt i helgane, då det er då det er stor aktivitet på skjenkestadane.

Mål

- Kvam herad har som mål å skapa like mange nye og lønsame arbeidsplassar som samanliknbare kommunar.
- Maksimalisera utbyttet frå sal av kraft.
- Sikra heradet sine retta knytt til produksjon av kraft kommunen.
- Arbeida for meir samarbeid og opplæring med løyveinnhavarane framfor kontroll og straff

3.12 Brann og ulykkesvern

Brann og ulykkesvern					
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Opphav. Bud 2013	Just bud 2013	Bud 2014	Endring 2013/2014
338 Førebyggjing av brannar og andre ulukker	461	640	614	207	-407
339 Beredskap mot brannar og andre ulukker	5 971	4 832	4 828	5 226	398
Brann og ulykkesvern	6 431	5 472	5 443	5 433	-9

Forklaring til endringar i budsjett 2014:

Reduksjonen i teneste 338 kjem av auka feieinntekter, medan auken i teneste 339 kjem av omfordelte midlar frå rammeområdet til teknisk.

Status:

Grunnutdanning Deltid er «ferdig» gjennomført. Med «ferdig» er meint at dei med krav om denne utdanninga, (jf. Dsb (direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap)) no har fullført. Framover vil behovet vera for alle nyttilsette. Av ein styrke på totalt 52 personar i KVBR, har 40 av desse teke kurset Mens Du Ventar På Ambulansen hos Stiftelsen Norsk Luftambulanse.

Utfordringar:

For få personar i korpset med løyve til å kunne køyra utrykking (blålyskøyning).
 For få personar med utvida førarkort til å kunne køyra tung bil.
 Ressurs for redningsinnsats til sjø/vatn manglar og må skaffast.

Målsetjing for perioden

Vurdera struktur for brannvern i kommunen, - sjå på moglegheita for ny stasjon.
 Samarbeid med lokale verksemder i Kvam.
 Skifte ut bil i Øystese som ikkje krev meir førerkort enn kl. C1 (inntil 7,5 tonn).
 Sal av dagens vasstankvogn og kjøp av ny som er noko mindre og betre tilpassa våre forhold.

3.13 Samferdsle og grøntanlegg

Samferdsle og grøntanlegg						
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Opphav. Bud 2013	Just bud 2013	Bud 2014	Endring 2013/2014	
332 Kommunale vegar, miljø- og trafikksikringstiltak og parker	0	0	8 631	7 687	-945	
333 Kommunale vegar, nyanlegg, drift og ved. (utgåår 2013)	5 063	4 491	3	0	-3	
334 Kommunale vegar, miljø og trafikksikr. (utgåår 2013)	3 386	4 169	4	0	-4	
335 Rekreasjon i tettstad	1 112	1 364	1 353	1 332	-22	
Samferdsle og grøntanlegg	11 485	11 924	11 892	10 918	-974	

Forklaring til endringar i budsjett 2014:

Endra tenestene 333 og 334 til ny samla teneste 332. Budsjett for brøyting er justert ned med 0,3 mill.

Status

Samferdsel er i hovudsak kommunale vegar. Kvam herad deltek saman med om lag 10 andre kommunar gjennom netteveksgruppe i Norsk Kommunalteknisk Foreining i arbeidet med å få laga felles vegnormal og retningslinjer for graving i offentleg veg og gategrunn. Når disse arbeida er slutført, vil det verta skrive ei sak for politisk handsaming. Graveregelement kjem truleg våren 2014 og vegnormal hausten 2014.

Kommunale vegar er prega av etterslep på vedlikehaldet og det er mange forstøtningsmurar, bruer, rekkverk, asfaltdekker som skulle vore utbetra. Ein klarer å utbetra ein del kvart år, men nye objekt som må utbetrast kjem stadig til.

Trafikksikringsplanen vart vedteken i 2012 og i 2013 har det vorte prioritert nye veglys fleire plassar i kommunen. Vidare vil prosjekta gjennom Kvammapakken gjera vegane sikrare.

Kvam herad har vunne konkurranse om å brøyta som underentreprenør for NCC på område i Norheimsund sentrum og på ny gang- og sykkelveg langs Fv. 49 frå Norheimsund til Vikøy. Denne kontrakta har varigheit på 6 år.

Grøntanlegg (friområde, parkar, plenar og bed rundt bygg) vert drive på eit minimumsnivå.

Utfordringar

Fornyngstakten på dekke bør vera under 20 år, det vil seia at det burde leggjast 5-6 km ny asfalt per år. Forstøtningsmurar, stikkrenner, kulvertar, bruer med vidare må utbetrast før dei misser funksjon. Uføre sette hendingar / naturhendingar knytt til vegnettet kan medføre store og ikkje budsjetterte kostnader.

Nybygg og nyanlegg fører med seg endra og auka grøntareal som må innpassast i drifta. Det er eit ønske om at det skal sjå fint og velstelt ut i parkar og grøntanlegg. Det må prioriterast mellom dei. For å oppretthalde standardar på vegar, parkanlegg og å utføre kommunale tenester, er ein avhengig av at maskinparken fungerer. Fleire av maskinene nytta til vegvedlikehald burde vore fornya og ein brukar forholdsmessig mykje tid på å vedlikehalda desse.

Mål:

Å ta inn noko av etterslepet på kommunale vegar.

Få ferdigstilt vegnormal for dei kommunale vegane.

Gjennomføre tiltak i Trafikksikringsplanen.

Halde god standard på kommunale parkar, badeplassar og parkanlegg.

3.14 Vatn, avlaup og renovasjon/avfall (VAR)

Vatn avløp og renovasjon/avfall (eks. kalk. Renter)					
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Opphav. Bud 2013	Just bud 2013	Bud 2014	Endring 2013/2014
340 Produksjon av vatn	-2 835	-1 483	-1 483	-1 613	-130
345 Distribusjon av vatn	-3 370	-4 106	-4 106	-3 995	112
350 Avlaupsreinsing	-815	-828	-828	-760	69
353 Avlaupsnett / innsamling av avlaupsvatn	-2 455	-3 142	-3 142	-4 114	-972
354 Tømming av slamavskillere	-14	-14	-14	-14	0
355 Innsamling av avfall	-22	-22	-22	-22	0
357 Attvinning og slutthandsaming av avfall	-446	-520	-520	-420	100
Vatn avløp og renovasjon/avfall (eks. kalk. Renter)	-9 106	-9 252	-9 252	-10 142	-890

Status:

VAR-området er gebyrfinansierte tenester. Overskot/underskot på drifta på disse områda vert balansert mot opparbeidde fond.

Drifta av vassforsyninga og avlaupet er god, med levering av god kvalitet, relativt få avbrot og rimelege gebyr. Det vert gjort tunge investeringar med VA-utbygging på Kvamskogen og gjennom anlegg i tilknytning til Kvammapakken i 2013 og 2014.

Økonomien i gebyrområda VA er bra, med godt opparbeidde fond som kan nyttast til å finansiera låneopptaket som trengs for tiltaka. Fonda vert reduserte i løpet av øk.planperioden.

BIR hentar inn hushaldningsavfall for Kvam herad.

Utfordringar:

Det skal byggjast nytt hovudanlegg for avløp på Notaneset som skal vera ferdig innan utgangen av 2015. Det hastar med å få fastlagt reinseprosess og kva areal som vil vera naudsynt for å møta krava som er stilt.

Samordning av tiltak med anna infrastrukturutbygging er viktig.VA-prosjekt knytt til Kvammapakken er eksempel på dette og dette må vidareførast dei neste åra også.

Det er for mykje nedbørstrelatert vatn som kjem inn i separatsystema for avløp og dette kan skapa driftsproblem på anlegga. Fleire tiltak har med hell vore gjennomført dei siste åra, men det er samstundes mange strekningar att som må utbetrast.

Målsetjing for perioden

Å revidera hovudplan vatn og deretter kommundelplan for avløp. Oppfølging av tiltak i planane.

Få fastlagt avlaupsreinseprosess som skal nyttast på Notaneset og koma i gang med bygging av eit oppgradert anlegg der.

Legge til rette for oppgraderte/leggje nye VA-system i samband med utbygginga av Kvammapakken.

Gjennomføre saneringsoppgåver i mindre områder i tettbygde strøk.

Det er vidare vesentleg å halda fram arbeidet med å leggje om frå fellessystem til separatsystem.

Dette for å halde det nedbørsinnfluerte vatnet vekke frå overføringssystem og reinseanlegg.

3.15 Kultur

Kultur						
Funksjon og rammer		Rek 12 (netto)	Opphav. Bud 2013	Just bud 2013	Bud 2014	Endring 2013/2014
231	Aktivitetstilbud born og unge	273	431	432	412	-20
365	Kulturminnevern	0	0	0	0	0
370	Bibliotek	2 873	2 898	2 852	2 523	-329
373	Kino	402	325	307	312	4
375	Museèum	831	844	844	844	0
377	Kunstformidling	775	599	553	618	64
380	Idrett og tilskot til andres idrettsanlegg	-524	-475	-483	-483	0
381	Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	2 098	1 613	1 607	1 455	-153
385	Andre kulturaktivitetar, tilskot andres kulturbygg	1 987	2 226	2 019	2 107	88
386	Kommunale kulturbygg	114	75	75	359	284
Kultur		8 830	8 537	8 207	8 145	-62

Forklaring til endringar i budsjett for 2014:

Bibliotek er redusert med 0,33 mill. kr frå 2013 til 2014 som heilårsverknad av innsparingstiltak. Stilling og andre kostnader knytt til bokbussen er tatt ut av budsjettet. Leigeavtalen til biblioteket i Øystese er sagt opp, noko som medfører reduksjon i husleigekostnader. Endringar mellom tenester og rammeområde gjer at kultur likevel ligg på om lag same nivå som i 2013.

Status:

Bibliotek

Etter gjennomføring av innsparingstiltak, har biblioteket ca 3,2 årsverk fordelt på bibliotek i Norheimsund, Øystese, Ålvik og Strandebarm. Filialen i Øystese vert avvikla f.o.m. 1.1.14. I Ålvik er biblioteket lokalisert i kafèlokala i sentrum, medan filialen i Strandebarm er på skulen. Bibliotek er eit lågterskeltilbod for fagleg rettleiing og offentleg informasjon for innbyggjarane i kommunen, og viktig som møtestad og i integreringsarbeid. Avdelinga er knytta til Informasjonsavdelinga for å utnytte informasjonskompetansen.

Idrett

Kvam herad er utan idrettskonsulent, etter at stillinga vart borte i frå budsjettet i 2013. Arbeidet med idrett er nedprioritert og fordelt utover fleire stillingar. Det er difor liten kontakt mellom kommunen og de organiserte idrettsarbeidet pr dag dato.

Arbeidet med ny skytebane i Vangdalsåen er godt i gang, for 2014 skal Kvam herad bidra med inntil 10 mill kroner til felles infrastruktur og grunnnerv, samt vera observatør i skytebanenemnda som vart etablert den 23. oktober 2013.

Det vart i 2013 innført betaling for bruk av basseng. Dette er ført vidare for sesongen 2013/2014. I samsvar med heradsstyrevedtaket har no idrettslaga fått større ansvar for å drive inn badeavgift og sørgje for badevaktar

Kultur

Kulturkontoret har arbeidt med tiltak som Kunstnarhuset Messen, Hardanger 2014 og etablering av Hardanger Kunstsule i byrjinga av 2013. Bydagnist AS har etablert seg som ei kreativt innslag i bygningane på Storeteigen.

Kommunen har ferieklubb tre veker i sommarferien for born i alderen 6-10 år, klubben har stor pågang på ungar som vil vera med.

Strategisk kulturplanlegging , prosjekt, søknader om eksterne tilskot osv er ressurskrevjande del av arbeidsfeltet innafor kultur.

Det har ikkje vore leiar på kulturavdelinga sidan sommaren 2013, så utviklingsarbeidet har vorte redusert.

Det same gjeld kommunen sitt arbeid knytt til museumsarbeid, representasjon, utadretta arbeid knytt til frivillige lag/org mm. Dette arbeidet vil verta utvida og styrkt i 2014 med tilsetjing av ny leiar.

Kommunen ynskjer innføra krav om organisasjonsnummer frå alle som søker/får tildelt kulturtilskot frå Kvam herad frå 01.01.2015, og vil i 2014 informera og gje opplæring i samarbeid med Grannehjelpa til lag/org. Kvam herad har gjeve tilskot til ein halv stilling som frivilligheitskoordinator ved Grannehjelpa. Det gode samarbeidet med Grannehjelpa og frivillige lag/org, må fylgjast opp i 2014. Mange gjer ein stor frivillig innsats, og det er viktig for kommunen å samarbeida med og støtta opp om dette arbeidet.

Tilskotsordningane med retningslinjer må vurderast opp mot nye organisasjonsformer og tiltak,- og retningslinjer /serviceerklæringer må gjennomgåast .

Utfordringar:

Bibliotek

Rammevilkåra for bibliotektenesta i Kvam har endra seg dramatisk det siste året, det vil krevja at det i kommuneplanarbeid og ev ny bibliotekplan vert utarbeidd nye mål og strategiar for denne tenesta. Redusert bemanning vil få konsekvensar for opningstida ved Norheimsund bibliotek, sjølv om Øystese vert stengt frå og med 1. januar I tillegg vert det utfordrande å klara kravet til innsparing vedkomande husleige for Norheimsund bibliotek. Dette vert arbeidd med saman med ein total plan for leige av næringsareal og bruk av kommunale eigedomar.

Idrett

Det er viktig at den som tek seg av idretten har dette som ei klart definert oppgåve og tek seg av den forvaltingsmessige delen av idrettsfeltet, spelemiddelsøknader, arbeid knytt til idrettsanlegg , dialog med idrettsrådet mm.

Idretten i Kvam er ein stor del av det frivillige lagslivet i kommunen, og engasjerer svært mange aldersgrupper. Det gode samarbeidet er vanskeleg å få til utan ressursar til idrett i organisasjonen.

Betaling for bruk av bassenga har vist seg å vera ressurskrevjande, og tilhøvet mellom brukte ressursar og inntening, er framleis i støypeskeie for å finna den rette modellen.

Kultur

Det er ei utfordring å gje kulturtilbod til alle, uansett funksjonsnivå og kulturelle/sosiale barrierar. Dette arbeidet krev ekstra ressursar, samarbeid med ulike etatar og frivillige lag og organisasjonar. Økonomiske verkemiddel , tilskot og samarbeid er utfordringar og avgjerande for gode resultat.

Musea i kommunen har utfordringar knytt til forfall og bruk. Dette vil krevja store ressursar over tid. Kulturminneplan er og ei utfordring å få på plass, før ein har på plass meir ressursar.

Målsetjing for perioden:

Målsetjinga for biblioteket vart fastlagt i bibliotekplan og Kommuneplanen 2002 -2014: *«Biblioteket skal vidareutviklast til å vera ein lett tilgjengeleg møteplass for alle grupper, med tilgang på informasjon med høg kvalitet via tradisjonelle og nye media».*

Få på plass idrettskompetanse i organisasjonen i løpet av 2014

Vidareutvikla møteplassar og gje kulturtilbod tilpassa den einskilde brukar sine behov og interesser, òg dei med funksjonsheming og spesielle behov.

Få til ei god integrering av nye kvenningar frå inn- og utland.

Gje godt kinotilbod til alle aldersgrupper med hovudvekt på barn og unge.

Starta opp arbeidet med kulturminneplan for Kvam i 2014.

Få i gang prosjektet-Kvammalokk revisited (Bulyst)

Auke i aktivitet knytt til musea gjennom samarbeid med frivillige og venelag.

Utgjeire retningsliner for tildeling av kommunalt tilskot innan kulturfeltet.

3.16 Kyrkje

Kyrkje					
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Opphav. Bud 2013	Just bud 2013	Bud 2014	Endring 2013/2014
390 Den norske kyrkja	3 601	3 850	3 850	3 850	0
392 Andre religiøse føremål	151	150	150	150	0
393 Kyrkjegardar, gravlundar, krematorium	1 134	1 078	979	824	-155
Kyrkje	4 886	5 078	4 978	4 823	-155

Forklaring til endringar i budsjett for 2014:

I 2013 vart tilskotet til Kyrkjeleg fellesråd auka med kr 250.000. Rådet har søkt om ytterlegare auke på kr 220.000 for 2014. Tilskotet er ikkje auka i budsjettframlegget.

Utføring av vedlikehald på kyrkjegardar har vore organisert på fleire måtar. Kvam herad betalar eit tilskot på 0,8 mill.kr. I tillegg har kommunen utført vedlikehald for om lag 0,2 mill.kr. I budsjettframlegget er dette vedlikehaldet fjerna som eit av innsparingstiltaka i planperioden.

Status:

Kyrkjeleg fellesråd, andre religiøse føremål og kyrkjegardane i Kvam mottok årleg tilskot frå Kvam herad på nesten 4,9 mill.kr. I tillegg har kommunen hatt ei utgift på 0,2 mill.kr med stell av kyrkjegardane. Andre religiøse føremål skal ha same tilskot pr. medlem som Kyrkjeleg fellesråd.

Utfordringar:

Kvam brukar meir pengar på tenesteområdet enn samanliknbare kommunar, og har ved fleire høve gjeve ekstra tilskot for bl.a. å sletta gjeld. Kvam er ein langstrakt kommune, og Kyrkjeleg fellesråd har same utfordringane som kommunen har hatt med desentralisert struktur og mange bygg med stort vedlikehaldsetterslep. Det statlege tilskotet forsvann i 2009, og ynskt kommunalt tilskot frå fellesrådet har i alle år overstige kommunen sine budsjettløyvingar.

Målsetjing for perioden:

Gode rammevilkår for kyrkja gjennom godt samarbeid.

3.17 Skatt og rammetilskot

Skatt og rammetilskot					
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Opphav. Bud 2013	Just bud 2013	Bud 2014	Endring 2013/2014
800 Skatt på inntekt og formue	-211 908	-225 384	-228 328	-236 693	-8 365
840 Statlege rammetilskot og øvrige generelle statstti	-262 886	-268 936	-266 276	-277 131	-10 855
850 Generelt statstilskot vedk. flyktningar m.v.	-11 189	-9 270	-9 270	-9 270	0
Skatt og rammetilskot	-485 984	-503 590	-503 874	-523 094	-19 220

Forklaring til endringar i budsjett for 2014:

Kommunen får tilbakeført 196,7 mill.kr av skatteinntektene frå staten. I tillegg tek kommunen inn 19,5 mill.kr i eigedomsskatt på verk og bruk (7 promille), og 20,5 mill.kr i eigedomsskatt frå bustader og fritidseigedomar (3,5 promille). Eigedomsskatten er budsetttert 1,7 mill.kr høgare enn i 2013, medan skatteinntektene har auka med 6,7 mill.kr.

Rammetilskotet auka med 10,9 mill.kr.

Status:

Det statlege rammetilskotet og Kvam sin del av skatteinntektene frå bedriftene og lønstakarane i kommunen utgjør over 70% av driftsinntektene til kommunen.

Rammetilskotet vert i hovudsak tildelt ut frå folketalet, fordelt på ulike folkegrupper (ordinært rammetilskot). I tillegg får kommunen eit distriktstilskot og ein skjønndel. Skjønndelen har i mange år vore ein kompensasjon for at Kvam ikkje lenger fekk redusert arbeidsgjevaravgift (vart auka frå 10,6% til 14,1%). For 2014 utgjør dette 9,4 mill.kr av skjønsmidlane på 10,3 mill.kr. Til sist får kommunen ei inntektsutjamning som er ein kompensasjon til kommunar med skatteinntekter under landssnittet. I 2010-2012 har Kvam sitt nivå vore 89,3% i høve landssnittet.

Kvam herad har eigedomsskatt på maksimalsatsen 7 promille for verk og bruk, medan bustader og fritidseigedomar har ein sats på 3,5 promille. Den siste skal reduserast til 2 promille i 2015, og deretter fjernast når økonomien tillet det. Rådmannen har ikkje funne rom for ytterlegare reduksjon i økonomiplanperioden.

Kommunen får i tillegg statlege overføringar som vertskommune (7,3 mill.kr) og flyktningstilskot (9,3 mill.kr) og kompensasjon for rente og avdrag til investeringar i bl.a. eldreomsorg og skulebygg (5,7 mill.kr).

Utfordringar:

Veksten i rammetilskotet skal i tillegg til å dekkja den generelle løns- og prisvekst på 3,0%, dekkja følgjande nye oppgåver:

- Låg auke i brukarbetalingar for barnehage (Max.pris auka frå 2.330 til 2.360, 1,3%)
- Utjamninga mellom kommunale og private barnehagar held fram, og tilskotet auka til 96% f.o.m. 1.8.13.
- Opptrapping mot to barnehageopptak
- Utvida valfag i ungdomsskulen (2 skuletimar) pr. veka
- Heilårsverknad av gratis kulturskuletilbod i «SFO-tida»
- Auka kommunal eigendel i statlege barnevernsinstitusjonar med ca. kr 50.000 pr. mnd.
- Statleg tilsyn med barn i fosterheim og samvær under tilsyn

- h. Overformynderiet er ei oppgåva som fylket overtek 1.7.13, så her er det trekt ut heilårsverknad frå rammetilskotet.
- i. Styrking av helsestasjons- og skulehelseteneste (0,3 mill.kr)
- j. Utdanning av deltidsbrannpersonell (0,2 mill.kr)
- k. Det er òg trekt ut midlar frå rammetilskotet som skal verta tilbakeført som øyremerka tilskot for å byggja ut tilbod om augeblikkeleg hjelp.

I tillegg er det lagt opp til ei satsing på helsestasjons- og skulehelseteneste (0,3 mill.kr for Kvam), og utdanning av deltidsbrannpersonell (0,2 mill.kr). Staten har og nok ein gong redusert sitt tilskot til ressurskrevande brukarar.

Regelen er at når øyremerka midlar vert overført til rammetilskot, krympar summen. Motsett, er uttrekket større enn det kommunen sit att med i reduserte utgifter eller får attende i øyremerka tilskot. Det er utfordrande og vanskeleg å få gjennomslag for endringar i kriteriedata som fell uheldig ut fom Kvam, då Kvam er ein liten kommune blant eit mange andre med ulike utgangspunkt.

Når dei frie inntektene (skatt og rammetilskot) er korrigert for vekst i oppgåver estimert til 14,7 mill.kr, er veksten på 3,3% for Kvam ifølgje staten sine utrekningar. Veksten i såkalla frie inntekter er 4,1% på landsnivå. Med ein deflator på 3,0% er det tanken at kommuane skal få ein reallønsvekst på 1,8%. Veksten er ikkje meint å vera stor nok til å dekkja auka pensjonskostnader. Nominell vekst i rammetilskot og skatt:

Rammetilskot	2013	2014	Endring	%-vis skilnad
Distriktstilskot Sør-Norge	6 518 000	6 744 000	226 000	3 %
Inntektsutjamning	12 188 000	14 100 000	1 912 000	16 %
Ordinært	223 683 000	232 977 000	9 294 000	4 %
Skjønnsdel	10 300 000	10 300 000	0	0 %
Sum rammetilskot	252 689 000	264 121 000	11 432 000	5 %
Skatt	189 978 000	192 773 000	2 795 000	1 %
Sum frie inntekter	442 667 000	456 894 000	14 227 000	3 %

Målsetjing for perioden:

Arbeida for å utvikla kommunen for å skapa sunn demografi, vekst i folketal og for å leggja til rette for auke i skatteinntekter. Redusera eigedomsskatten for bustader og fritidseigedomar til 2 promille.

3.18 Finans

Finans					
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Opphav. Bud 2013	Just bud 2013	Bud 2014	Endring 2013/2014
870 Renter / utbyte og lån	13 747	26 404	23 624	20 154	-3 470
880 Interne finansieringstransaksjonar	-1 900	-10 083	-2 465	10 551	13 016
Finans	11 848	16 321	21 159	30 705	9 547

Forklaring til endringer i budsjett for 2014:

Funksjon 870 er endra på følgjande måtar i høve 2013: Avdragsutgiftene til kommunen aukar med 3,5 mill.kr til 29,7 mill.kr og renteutgiftene med 0,7 mill.kr til 23,1 mill.kr.

Aksjeutbyttet er auka med 6,1 mill.kr til 23,1 mill.kr. Utbyttet frå Kvam kraftverk AS er auka med 6,5 mill.kr medan det er mindre reduksjonar på utbyttet frå BKK og BIR. 7,5 mill.kr av utbyttet frå Kvam kraftverk AS er ekstraordinære uttak til finansiering av Jondalstunnelen, medan det ordinære utbyttet er redusert med 1 mill.kr. I økonomiplanperioden er det redusert med ytterlegare 1 mill.kr pr. år. Renteinntektene er auka med 1,5 mill.kr.

Funksjon 880 vert nytta til interne finansieringstransaksjonar som avsetning og bruk av fondsmidlar, og innsparingstiltak som ikkje er konkretiserte på funksjon. I 2014 er det 2 mill.kr i innsparingstiltak som ikkje er konkretisert. På den andre sida er det sett av nesten 13 mill.kr til fond. 0,4 mill.kr er bruk av tidlegare års mindreforbruk til dekking av utgifter til rettsak (FSK-007/13).

Status:

KOSTRA-tema 870 er nettoen av renteutgifter/-inntekter (inkl. kalkulatoriske renter til VAR-område og byggjeprojektsrenter), aksjeutbyte (Kvam kraftverk AS og BKK AS) og låneavdrag. Den internasjonale finanskrisa har gjeve gode rentevilkår for norske kommunar, sjølv på fastlån. I teorien betalar låntakar ein «forsikringspremie» når ein sikrar eit lån. Nivået er no likevel så lågt at rådmannen har vurdert «nedsida» som liten, og «oppsida» på rentenivået så høg at det er verdt prisen for å få forutsigbare rammer for økonomien. Og ein vil koma svært gunstig ut dersom rentene uventa stig meir enn det som låg til grunn i sikringstidspunktet. På grunn av tidsforskyvingar i prosjektfinansieringa, har kommunen kunne plassert lånemidlar til avkastningar på over 3%. Det har gjeve gode ekstraintekter i periodar.

Tema 880 er nytta til innsparingskrav som førebels ikkje er fordelt på dei andre rammeområda, og avsetning til/bruk av fondsmidlar til finansiering av drifta.

Utfordringar:

Det er i funksjon 870 effekten av investeringsnivået i Kvam herad gjer seg gjeldande då rente- og avdragsutgiftene aukar, sjølv om rentenivået er svært gunstig. Samstundes med at kraftinntekene har vorte lågare og eigdomsskatten skal reduserast og låne- og pensjonsutgiftene til kommunen aukar, skal Kvam kraftverk AS gjera store investeringar og har bedt om å betala ut lågare utbytte til eineaksjonæren Kvam herad. Det gjev sjølv sagt kommunen ekstra utfordringar og medfører at ytterlegare stillingar må sparast inn.

Rentenivå er lågt. Siste rentetilbodet kommunen har hatt på fastrente for 4 år, var på 2,88%.

Flytande rente er på under 2%.

Kommunen har sikra omlag 85% av porteføljen pr. 2. tertial 2013, med 62% med rentebinding over 1 år. Vekta gj.snittsrente var på 3,1%, men har gått ned etter den tid.

1% auke på kommunen sin lånemasse på 800 mill.kr medfører auke på 8 mill.kr, men VAR-andelen av låna er sjølvfinansierande (dvs. vert fordelt ut på avgiftene til abonnentane).

På grunn av tidsforskyvingar i prosjekta, har kommunen ein del ubrukte lånemidlar som er plassert mellombels i obligasjonar. I tillegg har kommunen ein del fondsmidlar.

Kommunen har i mange år hatt høgare avkastningsprosent enn låneprosent, men det er likevel mogeleg å plassera pengar til høgare avkastning utan at ein nødvendigvis tek høgare risiko. I den økonomiske situasjonen kommunen er i, er det viktig å nytta dei inntektspotensiala ein har. Planen var å leggja fram ei sak i 2013 med revidert finansreglement, men saka kjem fyrst i 2014.

Målsetjing for perioden:

Halda fram med å sikra låneporteføljen på låge rentenivå for å skapa forutsigbare driftsnivå i øk.planperioden.

Revurdera finansreglement for å sjå om kommunen kan oppnå høgare avkastning.

Å halda fram arbeidet med å finna innsparingskjelder som maksimerer inntekter og minimerer utgifter for lovpålagde tenester og politisk prioriterte tenester utover det lovpålagde, og ivareta kravet til servicenivå for desse tenestene.

3.19 Kommunale bygg

Status

Drift, vedlikehald og forvaltning for bygg og eigedomar er samla under teknisk drift, og omfattar bygningar og eigedomar for alle tenesteområda. Utgiftene er fordelt på dei enkelte rammeområda.

Den generelle kommentaren vert lagt innunder eige avsnitt av praktiske grunnar.

Investeringsomfanget på byggsida har vore stort i mange år, særleg innan einingane skule og omsorg.

Saman med komande tiltak innan same einingar og barnehage, så påverkar dette også drifta. Det er ikkje samanheng mellom ordinære driftsmidlar for byggdrift- og vedlikehald og utgiftene.

Låg bemanning og små midlar har ført til aukande etterslep og uløyste oppgåver. Lekkasjar i tak er ein gjengangar mellom uløyste oppgåver rundt omkring og det er meir enn ti bygg der dette er tilfelle. Det er ofte følgeskader med på kjøpet og tidleg innsats er viktig for å redusera omfanget av disse er avgjerande for kostnadane med utbetring. Disse tiltaka må løysast via eit prosjekt, ikkje over driftsbudsjettet. Det vil vera vanskeleg å vita omfang på kostnadar før ein har opna konstruksjonane. Nye bygg har mange system knytt til drifta, noko som også har ei kostnadsside. Det er dårleg samsvar mellom forventningane til brukarane av bygga og ressursane for å etterkoma ønska.

Det skulle vore arbeida vidare med tiltak for å spara energi i kommunale bygg. Dette krev som oftast investeringar i forkant før ein oppnår effekt av tiltaka.

Eit estimat på fullverdifikringverdi av Kvam herad sine bygg er ca. 1,4 mrd. kr. Eit nøkkeltal på 2 % verdivedlikehald per år skulle tilsei eit budsjett på ca. 28 mill. kr.

Utfordringar

Nye bygg har meir omfattande driftskrav enn gamle bygg; kompetansekrava til vedlikehaldspersonell er aukande på mange område.

Gjennomgang av serviceerklæringane for byggdrift er starta. Primæroppgåva er drift og vedlikehald av kommunen sine egne bygg med dagleg bruk. Skal det ytast tenester utover det, til dømes i samband med leigde bustadar, oppfølging av leigetakarar, kontroll ved ut-/innflytting med vidare må det setjast av egne ressursar til det.

Mål:

Å få ressursar til å ta att noko av vedlikehaldsetterslepet på bygningsmassen.

3.20 Sosiale kostnader inkludert premieavvik

Sosiale kostnader inkludert premieavvik					
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Opphavleg bud 2013	Justert Bud. 2013	Budsjett 2014	Endring 2013/2014
Politisk verksemd	446	579	579	517	-61 0
Adm. og fellesutgifter	-4 280	-7 284	-7 412	-1 063	6 349 0
Barnehagar	14 679	15 221	14 993	15 227	233 0
Grunnskule	29 072	33 651	33 547	33 365	-182 0
Kommunehelse	4 700	5 942	6 012	5 191	-821 0
Pleie- og omsorgstenesta	42 198	44 706	44 639	45 113	475 0
Sosialteneste og NAV	2 116	2 569	2 569	3 578	1 009 0
Barnevern	2 664	3 124	3 049	3 484	436 0
Bustader	803	854	854	1 027	173 0
Plan	2 639	2 666	2 666	2 694	29 0
Næringstøtte og komm. forretningsdrift	557	348	348	588	240 0
Brann og ulykkesvern	1 106	909	909	1 562	653 0
Samferdsle og grøntanlegg	1 027	1 422	1 422	1 100	-321 0
Vatn	1 416	1 633	1 633	1 791	157
Kultur	1 594	1 533	1 448	1 141	-307 0
Kyrkje	108	45	46	0	-45
Finans	0	-2 300	-2 365	-159	2 205 0
Totalt	100 842	105 617	104 936	115 156	10 221

Forklaring til endringar i budsjett for 2014:


Ved overgang til ny pensjonskasse er det kalkulert med at heradet kan spare opptil 4, 0 millionar i pensjonskostnader. Likevel aukar kostnadene knytt til pensjon og arbeidsgjevaravgift med heile 10,2 mill. kr frå 2013 til 2014. Som fylgje av den store auken i pensjon aukar også arbeidsgjevaravgifta.

Andre opplysningar:

Alle sosiale kostnader er tatt ut av tabellane på kvart rammeområde. Dette er gjort fordi endringane her oftast ikkje har samanheng med drifta av rammeområde. Dei sosiale kostnadene inkluderer pensjon, premieavvik på pensjon, gruppelivsforsikring, arbeidsgjevaravgift, premieavvik av arbeidsgjevaravgift og redusert arbeidsgjevaravgift av trygderefusjon.

Pensjonskostnader og premieavvik

I kommunens rekneskap vert pensjonspremie til kommunens tre pensjonsordningar STB, KLP (sjukepleiarar) og SPK (lærarar) utgiftsført. I henhold til den kommunale regnskapsforskriftens § 13 er det aktuarberekna netto pensjonskostnad som derimot skal belastast driftsresultatet. Dette gjer at driftsresultatet må korrigerast for differansen mellom betalt pensjonspremie og berekna netto pensjonskostnad, også kalla premieavvik. Kvam har stort sett kvart år betalt meir i pensjonspremie enn netto pensjonskostnad. Eit slikt positivt premieavvik forbetrar rekneskapen det året det oppstår. Året etter skal premieavviket tilbakeførast (amortiserast) med like store beløp over 10 år (tidlegare 15 år). Det vil seie at 1/10 av premieavviket skal belastast framtidige rekneskap kvart år. Sidan det amortiserte premieavvik berre aukar for kvart år som går, kan denne kostnad verta vanskeleg å handtera i framtida.



Diagrammet viser rekneskapstal 2007-2012

Den årlege pensjonskostnaden har auka kraftig dei siste åra. Dette har likevel ikkje vorte kompensert for i overføringane til kommunane frå staten.

Skifte av pensjonskasse

Storebrand trekker seg frå markedet på offentlig tenestepensjon. Kvam herad må difor skifta hovudpensjonskasse. Mest sannsynleg kjem kommunen til å gå over til KLP i løpet av 2014.

3.21 Avskrivingar

Avskrivingar					
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Opphavleg bud 2013	Justert Bud. 2013	Budsjett 2014	Endring 2013/2014
Politisk verksemd	38	0	0	38	38
Adm. og fellesutgifter	2 253	2 840	2 840	2 506	-334
Barnehagar	793	331	331	1 097	766
Grunnskule	6 909	9 323	9 323	9 432	109
Kommunehelse	211	186	186	211	25
Pleie- og omsorgstenesta	3 176	3 166	3 166	3 446	280
Sosialteneste og NAV	6	0	0	0	0
Bustader	3 769	3 792	3 792	3 811	19
Plan	67	114	114	51	-63
Næringstøtte og komm. forretningsdrift	115	64	64	957	893
Brann og ulykkesvern	425	121	121	335	213
Samferdsle og grøntanlegg	2 535	1 492	1 492	2 217	725
Vatn	5 789	4 865	4 865	5 997	1 131
Kultur	-321	3 117	3 117	3 820	703
Motpost avskrivingar	-25 767	-29 412	-29 412	-33 918	-4 506
Totalt	0	0	0	0	0

Andre opplysningar:

Avskrivingane er tatt ut av kvart rammeområde og samla i ein tabell. Avskrivingane vert stort sett ikkje ført før heil på slutten av året. I ein del tilfelle kan dette føre til eit svært skeivt bilete av forbruksprosenten på området.

4 Økonomisk oversikt – driftsbudsjett 2014-2017

4.1 Hovudoversikt totalt 2014 – 2017 (inkl. prosjekt og VAR)

Tal i tusen kroner

A. ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT, INKL. PROSJEKT							
DRIFTSINNTEKTER	Rek 12	Bud 13	Bud 14	Endring	Bud 15	Bud 16	Bud 17
				2014-2013			
LN03 Brukarbetalingar	22 161	20 495	21 776	1 281	21 776	21 776	21 776
LN04 Andre sals- og leigeinntekter	49 571	47 037	48 228	1 190	45 873	45 823	45 823
LN05 Overføringer med krav til motyting	91 096	73 338	61 973	-11 365	59 410	59 410	59 410
LN06 Rammetilskot frå staten	250 281	252 776	264 121	11 345	264 121	264 121	264 121
LN07 Andre statlege overføringer	35 553	42 130	40 520	-1 610	40 520	40 520	40 520
LN08 Andre overføringer	10 753	13 903	19 478	5 575	16 578	16 578	16 578
LN09 Skatt på inntekt og formue	180 817	189 978	196 693	6 715	196 693	196 693	196 693
LN10 Eigedomsskatt	31 091	38 350	40 000	1 650	31 500	31 500	31 500
LN11 Andre direkte og indirekte skattar	3 897	3 875	3 888	13	3 888	3 888	3 888
LN12 Sum driftsinntekter	B	675 221	681 882	6 661	680 359	680 309	680 309
DRIFTSUTGIFTER	Rek 12	Bud 13	Bud 14	Bud 15	Bud 16	Bud 17	
LN14 Lønsutgifter	362 841	368 453	373 792	5 339	371 474	371 474	371 474
LN15 Sosiale utgifter	100 842	104 936	115 156	10 221	115 097	115 097	115 097
LN16 Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	80 277	78 225	81 074	2 849	71 391	71 391	71 391
LN17 Kjøp av tenester som erstatter kommunal tenesteproduksjon	34 881	31 792	31 157	-635	31 157	31 157	31 157
LN18 Overføringer	65 680	68 285	65 693	-2 592	63 316	63 316	63 316
LN19 Avskrivningar	25 767	29 412	33 918	4 506	36 268	38 162	38 162
LN20 Fordelte utgifter	-1 879	-2 414	-2 359	56	-2 359	-2 359	-2 359
LN21 Sum driftsutgifter	C	668 407	698 430	19 743	686 344	688 239	688 239
LN23 BRUTTO DRIFTSRESULTAT	D=B-C	6 814	3 194	-1 754	-5 985	-7 930	-7 930
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER	Rek 12	Bud 13	Bud 14	Bud 15	Bud 16	Bud 17	
LN24 Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	23 826	26 124	33 500	7 376	27 400	26 900	26 400
LN25 Gevinst finansielle instrumenter	3 633	100	100	0	100	100	100
LN26 Mottekne avdrag på lån	551	85	0	-85	0	0	0
LN27 Sum eksterne finansinntekter	E	28 009	33 600	7 291	27 500	27 000	26 500
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	20 148	23 510	24 503	993	30 003	31 503	31 003
LN29 Tap finansielle instrumenter	61	100	100	0	100	100	100
LN30 Avdragsutgifter	21 985	26 250	29 700	3 450	29 200	30 200	29 200
LN31 Utlån	161	0	0	0	0	0	0
LN32 Sum eksterne finansutgifter	F	42 356	54 303	4 443	59 303	61 803	60 303
Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	G=E-F	-14 347	-20 703	2 848	-31 803	-34 803	-33 803
LN35 Motpost avskrivningar	25 767	29 412	33 918	4 506	36 268	38 162	38 162
LN36 NETTO DRIFTSRESULTAT	I	18 234	11 461	2 405	-1 521	-4 571	-3 571
AVSETNINGAR	Rek 12	Bud 13	Bud 14	Bud 15	Bud 16	Bud 17	
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	3 726	0	400	400	0	0	0
LN39 Bruk av disposisjonsfond	15 698	16 265	1 000	-15 265	0	1 288	288
LN40 Bruk av bundne fond	24 654	44 632	24 329	-20 302	26 223	26 223	26 223
LN42 Sum bruk av avsetningar	J	44 078	25 729	-35 167	26 223	27 510	26 510
LN44 Overført til investeringsrekneskapet	12 602	125	0	-125	0	0	0
LN46 Avsetningar disposisjonsfond	21 651	28 035	12 890	-15 145	1 902	140	140
LN47 Avsetningar til bundne fond	28 060	41 792	24 300	-17 492	22 800	22 800	22 800
LN49 Sum avsetningar	K	62 312	37 190	-32 762	24 702	22 940	22 940
Regnskapsmessig meir-/mindreforbruk	L=I+J-K	0	0	0	0	0	0

Kommentar til tabell: I = L23 (D) + L34 (G) + L35 (motpost avskrivningar)

Driftsinntekter aukar med totalt 14,8 mill. kr frå 2013 til 2014.

LN03 Brukarbetaling – aukar med 1,3 mill. kr.

Budsjettet er auka med 0,75 mill. kr i PLO. I barnehage er maksprisen auka frå 2330,- til 2360,-, dette gjev ein auke på 0,1 mill. kr. I tillegg er det foreslått ein prisauke på 50% plassar i barnehage som gjev 0,07 mill. kr meir i brukarbetaling. Det er ikkje lagt inn endringar i øk.planperioden.

LN04 Andre sals- og leigeinntekter – aukar med 1,2 mill. kr.

Inntektene på teknisk eining er auka opp med 1,1 mill. kr. Det omfattar gebyrinntekter på byggesak, feieinntekter, brøyteinntekter og inntekter VA. Inntekter på husleige er auka opp med 0,3 mill. kr. Som fylgje av at foreldre ikkje lengre betaler matpengar i barnehagane, er inntekter på mat redusert med 0,32 mill. kr. Utgift er tilsvarande redusert.

I øk.planperioden er inntekter frå framleigebustader fjerna med 2,3 mill.kr. Utgifta er tilsvarande fjerna i LN16.

LN05 – Overføringar med krav om motytingar – er redusert med 11,4 mill. kr.

Frå og med 1.1.14 vert meirverdiavgiftskompensasjon ført i investeringsrekneskapet istadenfor i driftsrekneskapet. I 2013 utgjorde denne inntekta 13 mill.kr. Sjukelønsrefusjonen er auka med 2,5 mill.kr. I øk.planperioden er tilskot auka med 0,5 mill.kr, men lønsrefusjonar redusert med 0,3 mill.kr.

LN06 Rammetilskot frå staten – aukar med 11,3 mill. kr.

LN07 Andre statlege overføringar er redusert med 1,6 mill. kr.

Reduksjonen kjem av at driftsprosjekt som har vorte finansierte med statlege overføringar no er avslutta.

LN08 Andre overføringar – aukar med 5,6 mill. kr.

Tidsforskyving av driftsprosjekt utgjør 2,8 mill. kr av auken. 2,7 mill i auke er knytt til kompensasjonsmidlar arbeidsgjevaravgift som har tilsvarande utgiftspost

LN09 – Skatt på inntekt og formue – aukar med 6,7 mill. kr

LN10 – Eigedomsskatt aukar med 1,6 mill. kr.

Det er eigedomsskatt på bustad er auka med 0,6 mill.kr på grunn av volumet, og frå næring med 1 mill.kr. I øk.planperioden er skatteinntektene for bustader redusert frå 3,5 til 2 promille, som utgjør 8,5 mill.kr.

Driftsutgifter aukar med til saman 19,7 mill. kr

LN14 Lønsutgifter aukar med 5,3 mill. kr.

Dersom me ser bort i frå den venta lønsauken i 2014 på 3,5% har lønnsutgiftene totalt sett redusert frå 2013 til 2014 om lag 3 mill. kr. I øk.planperioden er dei redusert med ytterlegare 2,1 mill.kr.

LN15 sosiale utgifter aukar med 10,2 mill. kr.

Sjølv om lønnsnivået er redusert er det stor auke på pensjon, noko som også medfører auke i arbeidsgjevaravgift.

LN16 Kjøp og tenester som inngår i kom. tenesteprod. aukar med 2,8 mill. kr

Driftsprosjekt finansierte med fond utgjør 2,0 mill. kr av auken. I øk.planperioden er framleige fjerna med 2,8 mill.kr, og elles andre innsparingstiltak med totalt 4,7 mill.kr.

LN17 Kjøp av tenester som erstattar kom. tenesteprod. er redusert med 0,6 mill. kr

Overføring til ikkje kommunal barnhage er forventet å verta redusert med 0,6 mill. kr.

LN18 Overføringar er redusert med 2,6 mill kr.

Driftsprosjekt finansierte med fond i 2013 er forskyvd til 2014. I øk.planperioden er overføringa til Sjusete skisenter på 1 mill.kr utgått.

LN19 Avskrivingar aukar med 4,5 mill. kr.

Investeringar fører til auke i avskrivingar i øk.planperioden.

Resultat eksterne finansieringstransaksjonar aukar med til saman 2,8 mill. kr

Det er lagt opp til eit ekstraordinært utbytte frå Kvam kraftverk AS på 7,5 mill.kr. Det ordinære er redusert med 1 mill.kr. Renteinntektene er auka med 1,5 mill.kr.

Renteutgiftene er auka med 1 mill.kr, og låneavdraga med 3,5 mill.kr som fylgje av høgare låneopptak for å finansiera investeringar.

I øk.planperioden er utbyttet frå Kvam kraftverk AS redusert med 5,6 mill.kr i ekstraordinært utbytte. I tillegg er utbyttet redusert med ytterlegare 1 mill.kr pr. år. På den andre sida aukar renteinntektene frå Husbanken sine startlån med 0,5 mill.kr. pr. år. Renteutgiftene aukar tilsvarande. Renteutgiftene aukar med 5 mill.kr som fylgje av auka låneopptak. I 2016 er det ein ytterlegare auke på 1 mill.kr og før utgifta vert redusert att i 2017.

Netto driftsresultat er auka med 4,5 mill.kr

Netto driftsresultat aukar til 11,5 mill.kr i 2014. Etter at eigedomsskatten og utbyttet frå Kvam kraftverk AS vert redusert f.o.m. 2015, er det eit meirforbruk i økonomiplanperioden. 1,7 mill.kr av meirforbruket er knytta til VAR-rekneskapet. Det har vorte bygd opp fondsreservar som må nyttast til finansiering av området i løpet av øk.planperioden.

Bruk og avsetning av fondsmidlar

Tidlegare vart mva.kompensasjon sett av på disposisjonsfond. Denne avsetninga forsvinn f.o.m.

1.1.2014. Elles gjeld fondsavsetningane VAR-området, avsetning av konsesjonsavgift til næringsfond (3,9 mill.kr), til fiskefond (0,14 mill.kr).

Det er brukt 0,4 mill.kr til finansiering av rettsak (FSK-007/13) i 2014. Det er ikkje nytta meir av dei 2 mill.kr resterande midlane i øk.planperioden.

I 2014 er det sett av 12,9 mill.kr til disposisjonsfond. I 2015 er avsetninga på 1,9 mill.kr, men dei vert brukt i 2016 og 2017 igjen.

4.2 Budsjettskjema 1A - drift

Tal i tusen kroner

BUDSJETTSKJEMA 1A (tusen kr)						
	Rek 12	Bud 13	Bud 14	Bud 15	Bud 16	Bud 17
Driftsinntekter						
1. Skatt på inntekt og formue	-180 817	-189 978	-196 693	-196 693	-196 693	-196 693
2. Ordinært rammetilskot	-250 281	-252 776	-264 121	-264 121	-264 121	-264 121
3. Skatt på eigedom	-31 091	-38 350	-40 000	-31 500	-31 500	-31 500
4. Andre direkte eller indirekte skatter	-3 897	-3 875	-3 888	-3 888	-3 888	-3 888
5. Andre generelle statstilskot	-35 553	-42 130	-40 520	-40 520	-40 520	-40 520
6. Sum frie disponible inntekter	-501 640	-527 109	-545 222	-536 722	-536 722	-536 722
7. Renteinntekter og utbytte	-23 826	-26 124	-33 500	-27 400	-26 900	-26 400
8. Gevinst finansielle instrumenter	-3 633	-100	-100	-100	-100	-100
9. Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	20 148	23 510	24 503	30 003	31 503	31 003
10. Tap finansielle instrumenter	61	100	100	100	100	100
11. Avdrag lån	21 985	26 250	29 700	29 200	30 200	29 200
12. Netto finansinntekter / -utgifter	14 736	23 636	20 703	31 803	34 803	33 803
14. Til ubundne avsetningar	21 651	28 035	12 890	1 902	140	140
15. Til bundne avsetningar	28 060	41 792	24 300	22 800	22 800	22 800
16. Bruk av tidlegare overskot	-3 726	0	-400	0	0	0
17. Bruk av ubundne avsetningar	-15 698	-16 265	-1 000	0	-1 288	-288
18. Bruk av bundne avsetningar	-24 654	-44 632	-24 329	-26 223	-26 223	-26 223
19. Netto avsetningar	5 632	8 930	11 461	-1 521	-4 571	-3 571
20. Overført til investeringsrekneskapet	12 602	125	0	0	0	0
21. Til fordeling	-468 670	-494 418	-513 058	-506 440	-506 490	-506 490
22. Sum fordelt til drift (skjema 1B)	468 670	494 418	513 058	506 440	506 490	506 490
23. Rekneskapsmessig meirforbruk(+)/mindreforbruk(-)	0	0	0	0	0	0

Kommentar til tabellen: Tabellen viser korleis Kvam herad får sine inntekter og kva som står til disposisjon til tenesteproduksjon. Midlane vert fordelte i budsjettskjema 1 B (sjå neste tabell).

4.3 Budsjettskjema 1B - drift

Tal i tusen kroner

BUDSJETTSKJEMA 1B (tusen kr)							
Driftsinntekter eksl. skatt og statstilskot		Rek 12	Bud 13	Bud 14	Bud 15	Bud 16	Bud 17
LN03 Brukerbetalinger		22 161	20 495	21 776	21 776	21 776	21 776
LN04 Andre salgs- og leieinntekter		49 571	47 037	48 228	45 873	45 823	45 823
LN05 Overføringer med krav til motytelser		91 096	73 338	61 973	59 410	59 410	59 410
LN08 Andre overføringer		10 753	13 903	19 478	16 578	16 578	16 578
Sum driftsinntekter eksl. skatt og statstilskot	B	173 581	154 773	151 454	143 637	143 587	143 587
Driftsutgifter							
LN14 Lønnsutgifter		362 841	368 453	373 792	371 474	371 474	371 474
LN15 Sosiale utgifter		100 842	104 936	115 156	115 097	115 097	115 097
LN16 Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal t		80 277	78 225	81 074	71 391	71 391	71 391
LN17 Kjøp av tjenester som erstatter kommunal tjenestep		34 881	31 792	31 157	31 157	31 157	31 157
LN18 Overføringer		65 680	68 285	65 693	63 316	63 316	63 316
LN19 Avskrivninger		25 767	29 412	33 918	36 268	38 162	38 162
LN20 Fordelte utgifter		-1 879	-2 414	-2 359	-2 359	-2 359	-2 359
LN21 Sum driftsutgifter	C	668 407	678 688	698 430	686 344	688 239	688 239
Brutto driftsresultat, eksl. skatt og statstilskot	D=B-C	-494 826	-523 915	-546 976	-542 707	-544 652	-544 652
Andre eksterne finansieringstransaksjoner							
LN26 Mottatte avdrag på lån		551	85	0	0	0	0
Mottatte avdrag på lån	E	551	85	0	0	0	0
LN31 Utlån		161	0	0	0	0	0
Sum utlån	F	161	0	0	0	0	0
Resultat andre eksterne finansieringstransaksjoner	G=E-F	389	85	0	0	0	0
LN35 Motpost avskrivninger		25 767	29 412	33 918	36 268	38 162	38 162
Sum fordelt til drift (skjema 1A)		-468 670	-494 418	-513 058	-506 440	-506 490	-506 490

5 Økonomisk oversikt – investeringsbudsjett 2014-2017

5.1 Hovudoversikt totalt 2014-2017 (inkl. prosjekt og VAR)

Tal i tusen kroner

B. ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING (tusen kr)							
INVESTERINGSINNTEKTER		Rek 12	Bud 13	Bud 14	Bud 15	Bud 16	Bud 17
LN03	Sal av driftsmidler og fast eiendom	5 330	5 000	3 000	3 000	3 000	3 000
LN04	Andre salgsinntekter	44	0	0	0	0	0
LN05	Refusjoner	11 429	8	24 780	1 110	1 110	1 110
LN06	Statlige overføringer	-1 468	0	0	0	0	0
LN07	Andre overføringer	5	0	0	0	0	0
LN08	Renteinntekter og utbytte	4 203	0	0	0	0	0
LN09	Sum inntekter	L	19 542	5 008	27 780	4 110	4 110
INVESTERINGSUTGIFTER							
LN11	Lønnsutgifter	1 266	0	409	409	409	409
LN12	Sosiale utgifter	451	0	167	167	167	167
LN13	Varer og tenester i kommunal egenproduksjon	125 772	98 621	193 918	45 890	7 240	7 240
LN14	Kjøp av tjenester som erstatter egenproduksjon	0	0	1 500	0	0	0
LN15	Overføringer	21 082	13 054	16 289	4 690	1 110	1 110
LN16	Renteutgifter og omkostninger	3 116	0	0	0	0	0
LN18	Sum utgifter	M	151 687	111 675	212 281	51 155	8 925
FINANSUTGIFTER							
LN19	Avdragsutgifter	1 492	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
LN20	Utlån	10 938	17 036	20 000	20 000	20 000	20 000
LN21	Kjøp av aksjer og andeler	191	3 550	200	200	200	200
LN22	Avsatt til ubundne investeringsfond	9 533	10 750	3 000	3 000	3 000	3 000
LN23	Avsetninger til bundne fond	415	0	0	0	0	0
LN25	Sum finanstransaksjonar	N	22 568	33 336	25 200	25 200	25 200
LN26	Finanseringsbehov	O=M+N-L	154 712	140 003	209 701	72 245	30 015
FINANSIERING							
LN28	Bruk av lån	133 730	108 234	184 341	59 745	25 515	25 515
LN29	Motteke avdrag på utlån	1 895	8 550	2 000	2 000	2 000	2 000
	Bruk av tidlegare års overskot	0	0	0	0	0	0
LN31	Overføringer fra driftsregnskapet	12 602	0	0	0	0	0
LN32	Bruk av disposisjonsfond	1 889	11 347	0	0	0	0
LN33	Bruk av ubundne investeringsfond	4 232	6 436	9 660	6 300	2 300	2 300
LN34	Bruk av bundne fond	364	5 435	13 700	4 200	200	200
LN36	Sum finansiering	R	154 712	140 003	209 701	72 245	30 015
LN38	Udekket/udisponert		0	0	0	0	0

Kommentar til investeringsrekneskapen:

Tabellen over viser det totale investeringsbudsjettet til Kvam herad. Investeringsprosjekt utgjør hovuddelen av investeringsbudsjettet til Kvam herad i planperioden.

LN03 – Budsjettet sal av eigedomar i øk.planperioden. Summen varierer frå år til år, alt etter kva kommunen sel, men er lagt med same sum i perioden.

LN05 – Refundert mva.kompensasjon på investeringsprosjekt i planperioden.

LN11 og LN12 – Budsjettet er justert for tilsette engasjert i leing av investeringsprosjekt.

LN13 og 14 – Budsjettet er laga i tråd med investeringsprosjekt, sjå eigen oversikt.
LN15 – Budsjettetsummen gjeld meirverdiavgift på invest.prosjekt (motpost LN05)
LN19 – Avdrag på Husbanken sine startlån
LN20 – Lån frå Husbanken er lagt inn med 20 mill.kr pr. år i planperioden.
LN21 – Kjøp av aksjar gjeld eigenkapitalkrav i KLP
LN22 – Det er sett av 3 mill.kr for budsjetttert sal av eigedomar (LN03)
LN28 – Bruk av lån er motpost til opptak av Husbanklån, og finansiering av investeringsprosjekt.
LN29 – Budsjetterte avdrag for Husbanken sine startlån frå låntakarar til Kvam herad
LN33 – Bruk av ubundne investeringsfond gjeld finansiering av investeringsprosjekt og kjøp av eigedomar.
LN34 – Bruk av bundne fond er til finansiering av investeringsprosjekt og eigenkapital KLP.

5.2 Budsjettskjema 2A – investeringar

BUDSJETTSKJEMA 2A (tusen kr)	Rek 12	Bud 13	Bud 14	Bud 15	Bud 16	Bud 17
1. Investert anleggsmiddel	151 687	111 675	212 281	51 155	8 925	8 925
2. Utlån og forskottering	11 128	20 586	20 200	20 200	20 200	20 200
3. Avdrag på lån	1 492	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
4. Dekning av tidlegare års udekka						
5. Avsetningar	9 948	10 750	3 000	3 000	3 000	3 000
6. Årets finansieringsbehov	174 255	145 011	237 481	76 355	34 125	34 125
7. Finansiert slik:						
8. Bruk av lånemidler	-133 730	-108 234	-184 341	-59 745	-25 515	-25 515
9. Inntekter frå sal av anleggsmiddel	-5 330	-5 000	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000
10. Tilskot til investeringar	1 463	0	0	0	0	0
11. Mottekne avdrag på lån	-13 324	-8 558	-26 780	-3 110	-3 110	-3 110
12. Andre inntekter	-4 246	0	0	0	0	0
13. Sum ekstern finansiering	-155 168	-121 793	-214 121	-65 855	-31 625	-31 625
14. Overført frå driftsrekneskapet	-12 602	0	0	0	0	0
15. Bruk av tidlegare års udisponert						
16. Bruk av avsetningar	-6 485	-23 218	-23 360	-10 500	-2 500	-2 500
17. Sum finansiering	-174 255	-145 011	-237 481	-76 355	-34 125	-34 125
18. Udekka(+)/ udisponert(-)	0	0	0	0	0	0

Kommentar til tabellen: Tabellen over viser at rekneskapen for økonomiplanperioden er gjort opp i balanse (punkt 16).

